



# Årsmelding Noregs Mållag 2011-2012

N O R E G S  
M Å L L A G

*Mange røyster  
– felles mål*



# Innhald

---

*4 Føreord*

---

*5 Leiar*

---

*6 Nynorsk oppvekst*

---

*16 Andre målpolitiske tiltak*

---

*21 Samskipnaden*

---

*37 Økonomi*

---

*48 Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde*

---

*56 Norsk Målungdom*

---

*58 Nærskyldde tiltak*

---

*63 Vedlegg og statistikk*

# Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2011/2012 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 1. mars 2011 – 18. mars 2012. Dei siste vekene fram til landsmøtet blir oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidssbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljig medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2011. Sjukefråværet har vore 95 dagsverk, noko som utgjer 6,5 prosent. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjningar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2011 gjekk 612 000 kroner i overskot, og den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for det fyrste året i det treårige arbeidsprogrammet for perioden 2011–2014. Teksten fylgjer strukturen i arbeidsprogrammet så langt det lèt seg gjera. Arbeidsprogrammet gjeld fram til våren 2014, og såleis vil det vera punkt i arbeidsprogrammet som det ikkje er gjort noko med i dette arbeidsåret. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er teke initiativ til frå styret

og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer, og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskyldde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar. Dei siste to åra har Språkrådet laga rapporten Språkstatus som dokumenterer språkbruk i Noreg på ulike felt, og Nynorsk kultursentrum gav ut det omfattande faktaoversynet Språkfakta sist i 2010. Årsmeldinga frå Noregs Mållag dekkjer i hovudsak målreisinga og det arbeidet som vert lagt ned for å styrkja nynorsken sin plass. Saman gjev desse tre ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsken. Styret har lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 18. mars 2012

Håvard B. Øvregård (leiar)    Aud Søyland (nestleiar)    Helga Hjetland    Jens Kihl Terje Kjøde  
Bente Riise    Janne Nygård (NMU)    Sigbjørn Hjelmbrekke (1. vara)  
                    Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



Styret i Noregs Mållag 2011-2012

Frå venstre: Terje Kjøde, Sigbjørn Hjelmbrekke (1. vara), Aud Søyland (nestleiar),  
Håvard B. Øvregård (leiar), Janne Nygård (NMU), Jens Kihl, Helga Hjetland og Bente Riise

# Leiar

**LÆRA MEIR ELLER LÆRA MINDRE?** Siste veka i januar var det norskfag, sidemål og Noregs Mållag i alle kanalar og alle aviser. Eit brev frå Utdanningsdirektoratet og eit medieutspel frå Kunnskapsministeren, førte til det største språk- og nynorskordskiftet på lang tid. Vi visste ikkje at det skulle koma, men var likevel budde. Vi har arbeidd med det nye norskfaget i heile landsmøteperioden; vi vedtok politikk på sist landsmøte, vi drøfte norskfaget på alle styremøte, vi tilsette ein eigen norskfagskonsulent i haust, og vi har snakka om korleis norskfaget skal sikra både nynorsk og norsk språk generelt på møte med lokal- og fylkeslag, og i møte med politikarar frå alle parti. Vi har vore tydelege på at spørsmålet om sidemål i norskfaget er enkelt: Skal elevane læra meir, eller skal dei læra mindre?

Og spørsmålet har vi gjenteke i alle medium siste månade. For det er mogeleg å læra å skriva både nynorsk og bokmål. Også for dei med nynorsk som sidemål. Vi kan redusera målbytet til bokmål hjå nynorskelevare samstundes som vi aukar bokmålselevane sin nynorsk-kunnskap. Løysingane er enkle, og innlysande når ein først har tenkt seg om:

- Lærarar som kan nynorsk, både dei som underviser i norskfaget og dei som ikkje gjer det. Alle lærarar er også norsklærarar, difor bør alle ha norsk i lærarutdanninga, i motsetnad til slik det er i dag. Lærarutdanningsinstitusjonane må sikra dette, og dei må få klår melding frå Kunnskapsdepartementet om at dette ikkje er ein salderingspost.
- Fleire møte med nynorsk, i heile skuletida og for alle elevane. Det er ikkje rart at ungdomar som knapt har lese eller høyrte nynorsk, er opne for negative haldningar til språket. Skulen er passe dum om han ikkje sikrar at elevane har møtt nynorsk i god tid før dei skal byrja med rettskriving i det. Born er som svampar i møte med språk, og di meir og tidlegare dei møter nynorsk, di lettare vert det å meistra språket skriftleg.
- Tidlegare start med skriftleg sidemål. Utdanningsdirektoratet veit frå sine eigne rapportar at elevar som byrjar med nynorsk som skriftleg sidemål i 8. klasse – mot normalt 9. klasse – har mykje mindre negative haldningar til faget. Når eg er rundt og snakk med elevar i vidaregåande skule med bokmål som hovudmål endar dei ofte opp med å vera irriterte på at dei ikkje byrja tidlegare med sidemål. Når dei først skal læra nynorsk skriftleg, kvifor har ikkje dei fått betre vilkår for å læra det?

Sidemålsopplæringa gjer deg betre i hovudmål, ikkje därlegare. Obligatorisk skriftleg opplæring i nynorsk og bokmål for alle sikrar nynorsken sin status som nasjonalSpråk, og det er heilt avgjerande for nynorsk-brukarane sin sjanse til å kunna møta og bruka hovudmålet sitt. Men det gjer oss også meir språkleg og kulturelt medvitne, i tillegg til å gjera oss til dyktigare språkbrukarar.

Tusenvis av nye medlemer. I vår har veldig mange gjort eit personleg språkpolitisk val, dei har meldt seg inn i Noregs Mållag. Det har kome over 1700 nye medlemer på vel to månader, ein auke på nesten 20 %. Dei fleste er unge og bur i by. Mange er bokmålsbrukarar. Kvifor melder dei seg inn i Noregs Mållag denne våren? Fordi dei ser at du ikkje kan vera nøytral språkbrukar. Fordi dei ser at språka si helse vert avgjort av haldningane til – og handlingane for – språk.

Denne språkpolitiske bølgja lover godt. Vi skal ta vare på alle nye medlemer, vi skal ta vare på norskfaget, både hovudmål og sidemål. Vi skal ta vare på språk. Vi er Noregs Mållag.

Er du for eller mot språk? I Noregs Mållag er vi for.



Håvard B. Øvregård  
Leiar Noregs Mållag



# Nynorsk oppvekst

## 2. I Barn og språk

Det viktigaste er å gjera barna til trygge brukarar av sitt eige mål og styrkja det nedervde talemålet. Målet er at barna allereie i barnehagen skal få eit positivt møte med nynorsken.

### 2.1.1 Språk i barnehagen

Den personlege språkidentiteten og det nedervde talemålet skal styrkjast i barnehagen, så barna vert tryggare på seg sjølv og den språklege og kulturelle bakgrunnen sin. Barn over heile landet må få innblikk i det språklege mangfaldet som finst i Noreg, og målet er at opplesing frå nynorske barnebøker vert ein del av barnehagekvelden over heile landet.

Noregs Mållag skal arbeide for at barnehagelova sikrar at det nedervde talemålet ikkje vert undergrave.

Språkopplæringa i førskulelærarutdanninga må styrkjast slik at førskulelærarane får kunnskap og medvit om verdien av barna sitt eige talemål, og i korleis dette best mogleg kan lærast.

Det er viktig at det finst rettleiingar som gjer det lettast mogleg for tilsette i barnehagane å driva språkopplæringa.

Den komande treårsperioden skal Noregs Mållag sørja for at det vert kartlagt kva språkutviklande pedagogiske hjelpemiddel som finst til bruk i barnehagen. Målet er at alt materiell som vert gjeve ut med offentleg stønad, òg kjem på nynorsk. Mållaget vil ta til orde for at Aasen-tunet, Nynorsksenteret og andre institusjonar skal få midlar til å utvikla pedagogisk materiell på nynorsk.

Mållaget skal laga eit prøveprosjekt i ein kommune der ein deler ut ei nynorsk startpakke, som til dømes kan innehalda nynorske barnebøker og tips til foreldra.

Noregs Mållag må trekka inn andre organisasjonar, til dømes Pirion, Magasinett og Norsk Barneblad, som samarbeidspartnarar i utvikling og gjennomføring av tiltak mot målgruppa barn og unge.

## BARNEHAGEKAMPANJEN

Barnehagekampanjen «Gjennom ord blir verda stor» vart presentert på landsmøtet på Stiklestad 2010. Då vart det også gjort klårt at kampanjen skulle oppsummerast på landsmøtet i 2012. Oppsummeringa fylgjer her, og på sjølve landsmøtet vil det også bli ei eiga oppsummering. Kampanjen blir avslutta på landsmøtet som planlagt. Det er framleis god etterspørsel etter kampanjemateriell frå lokallaga og barnehagar, og det kjem stadig spørsmål om å stilla opp på kurs, barnehagebesøk, møte med kommunar og barnehageeigarar. Styret vurderer det slik at organisasjonen bør få dette arbeidet inn i meir permanente former som vi kan driva med over lengre tid. Frå sentralt hald vil vi no i langt mindre grad reisa ut til barnehagane, men legg opp til at lokallaga driv den delen av arbeidet. Styret vil dreia innsatsen over på arbeidet med å få politisk gjennomslag for vedtak som sikrar nynorskungane. Det er likevel klårt at Noregs Mållag skal halda fram med å trykkja opp allereie produsert materiell, fordi det har vorte svært godt motteke både i barnehagane, kommunane og i lokallaga.

Språkstimulering er ei av dei viktigaste oppgåvene for barnehagen. *Stortingsmelding nr. 41 (2008–2009) Kvalitet i barnehagen* framhevar at dette er ei grunnleggjande oppgåve for barnehagane. For Mållaget vert det viktig å sikra oss at nynorsken vert ein del av språkmiljøet og språkstimuleringa i barnehagen. Vi vil gjerne at born som veks opp i nynorskområde, skal verta trygge i nynorsken så tidleg som mogleg. Og for born som har barndomen sin i meir tradisjonelle bokmålsområde, er det viktig at dei møter nynorsken i bøker, songar og leikar. På den måten kan dei evrta vande med at nynorsken er ein del av språkmangfaldet i Noreg. Denne kampanjen har vorte viktig fordi det i dag ikkje er sjølvsagt at ungane møter nynorsk i barnehagen. Gjennom kampanjen tek vi også mål av oss til å nå for eldra til barnehageborna. Barnehagen er ei førebuing til

skulen, og nynorsk i barnehagane er med på å tryggja nynorsken i skulen. For mange tilsette i barnehagane har det vist seg at emnet «språkstimulering og nynorsk i barnehagane» er noko dei ikkje har tenkt nøye igjenom. Det er ikkje tematisert i førskulelærarutdanninga og det finst inga opplæring i korleis finna og bruka nynorsktifang i barnehagane.

## BAKGRUNN FOR KAMPANJEN

Noregs Mållag laga kulturavisa *Pirion* i våren 2000. Vi laga også eit eige flygeblad som vart kalla: «Den fyrste song eg høyre fekk, var Hit me baby one more time.» Dette var fyrst og fremst ein kampanje der vi peika på at det vart for mykje anglofisering i barnehagen, og at barnehagane burde ta i bruk meir av den lokale kulturen. Utetter dette tiåret har fleire og fleire vorte merksame på kor viktig barnehagane er for «den norske barndomen», og at nynorsken høyrer til her, som i resten av samfunnet. Etter ein del drøftingar vart kampanjen utforma hausten 2009 og vinteren 2010.

Barnehagekampanjen «Gjennom ord blir verda stor – kampanje for nynorsk i barnehagen» er ein nasjonal kampanje for at barnehagane skal bruka meir nynorsk i kvardagen, og at borna skal verta presenterte for nynorsken før dei byrjar i skulen. Kampanjen rettar seg mot tilsette, foreldre, born, folkevalde i kommunane og barnehageeigarar. Det er ein positiv kampanje for nynorsk. Arbeidet med barnehagekampanjen har vore oppe i styremøte og landsrådsmøte gjennom heile 2010 og 2011. Det var eit viktig emne på landsmøta i både 2009, 2010 og 2011, og på haustseminara i 2010 og 2011. I tillegg har det vore skrive om kampanjen i lagssendingar og i *Norsk Tidend*. Tilbakemeldingane frå lokallag og barnehagane sjølv har utan unnatak vore positive.

## KAMPANJEMATERIELL

Det vart utarbeidd ei aksjonskokebok for lokallaga. Førskulelærarar har gått gjennom aksjonskokeboka, og ho er send ut til alle lokallaga både i 2010 og 2011. Vi har dessutan laga eit tipshefte for nynorske barnebøker som både er retta mot foreldre og mot tilsette i barnehagane. Heftet har også vorte tinga av bibliotek, butikkar og kommunar. I tillegg er det laga eit eige flygeblad retta mot foreldre med born i barnehagen, og eit flygeblad retta mot tilsette i barnehagar. Dette materiellet har vore til gratis utdeling. Hausten 2010 sette vi saman eit eige song- og teiknehefte til utdeling til borna. Dessutan vart det laga jakkemerke og rullebanner. I framkant av landsmøtet i 2011 vart det laga t-skjorter, og utpå våren måtte alt materiellet trykkjast i nytt opplag. Då vart det også laga ein ny og oppdatert versjon av lesetipsheftet. I lagssendinga på hausten 2010 vart det sendt ut tipsark til tilsette i barnehagane, tipsark om språkstimulering på nynorsk (frå Nynorsksenteret), ark for tinging av materiell og ulike bokpakketilbod frå

Samlaget, Blåmann barnebokklubb og Noregs Mållag. Hausten 2011 vart det sendt ut ei rikhaldig lagssending om barnehagekampanjen. Ho inneholdt tilbod frå Samlaget, Mangschou, Skald, kulturavisa *Pirion*, Blåmann barnebokklubb, Nynorsksenteret og Aasentunet. I denne utsendinga vart det lagt meir vekt på kor viktig det er å få til gode møte med kommunane om oppfylging av nynorsk språkstimulering i barnehagane.

Kampanjen har vorte oppdatert på nettsidene, i nyhendebrev og vorte presentert i *Norsk Tidend*. Nynorsksenteret i Volda og Nynorsk kultursentrums arbeid mykje med same emnet og har laga mykje bra tilfang som Mållaget har hatt nytte av i arbeidet.

Materiellet til barnehagekampanjen har vore vel-dig populært. Mange lokallag, bibliotek, bokhandlar, enkeltståande barnehagar og kommunar har tinga materiellet vårt. Det er viktig at dei som driv eit arbeid lokalt, jamleg får materiell som er tilpassa stadig nye oppgåver, og vi må sikra at alle dei laga som tek til med kampanjen no, får det dei treng. Til no er det 70-80 lag som har tinga materiell og hatt aktivitet som ein del av barnehagekampanjen. Den største enkeltordren var frå Mållaget Dag, som tinga materiell til alle 64 barnehagane i Skien og Siljan, i tillegg til 2 700 flygeblad til foreldre.

## UTVAL OG OPPLAG

Lesetipsheftet <i>God lesestart</i>	14 500 eks
Teike- og songheftet <i>Klar – ferdig – syng</i>	9 500 eks
Flygeblad til foreldra	19 000 eks
Flygeblad til tilsette	16 000 eks
Jakkemerke med slagordet	6 000 eks
Tipsark til barnehagane	500 eks
Tingingsark til lokallaga	700 eks
Påminningsplakat til barnehagane	700 eks

## HAUSTSEMINAR

På haustseminaret i september 2010 i Oslo var det tre programpostar knytte til kampanjen: ein programpost om nynorsk og dialektbruk i barnehagekvardagen med Anne Marit Grøndalen Ingvaldsen, styrar i Leira barnehage i Valdres, og røynslene med kampanjen i Bø i Telemark ved leiar i Bø Mållag, Torhild Aavik. I tillegg vart kampanjen presentert. Dette vart godt motteke av seminardeltakarane. På haustseminaret på Lista i 2011 var det to programpostar knytte til kampanjen. Ein programpost var om «Nynorsk språkstimulering – prosjekt retta mot barnehagane» ved Irene Garnes Hareide frå Nynorsksenteret. I tillegg fortalte fylkesskrivar for mållaga på Agder, Borghild Løver, om røynslene deira med å tilby «barnehagepakke» til barnehagane. Mållaga på Agder har hatt eit eige opplegg. Det inneholdt både ein konsert med Inger Lise Stulien Robstad og Knut Kjetil Møen og eit eige møte med tilsette i barnehagane. Samla sett er det 19 barnehagar som har sagt ja til dette opplegget, og dei er fordelte over heile Agder.



**GJENNOM ORD BLIR VERDA STOR** Håvard B. Øvregård underheld ungane under ei vitjing i ein barnehage i Knarvik. (Foto: Livar Aksnes)

### KAMPANJEVEKER

I oktober–november 2010 valde vi å setja i gang tre kampanjeveker med vitjing i barnehagar og lokallag i store delar av landet. Både tilsette og tillitsvalde var med på dette arbeidet. Det vart tilsett ein person i korttidsengasjement som gjorde avtalane for reiserutene i barnehagane og i lokallaga. I samband med desse kampanjevekene og opplegg både før og etter har sentrallekken vitja 36 barnehagar i samarbeid med 24 lokallag. På seinhausten i 2011 var det tre kampanjeveker. Det vart mindre reising for sentrale tillitsvalde og tilsette desse vekene enn året før. Men vi ser at det er eit jamt tilsig med lokallag som vil gjera noko med kampanjen. Det varierer frå besøk i barnehagar, kurs for tilsette til møte med barnehagestyrarar og kommunen. Så langt som råd er, seier vi ja til å vera med på ulike opplegg som laga ynskjer vi skal vera med på. Men vi prioritærer dei laga som tidlegare ikkje har fått besøk.

### KURS FOR TILSETTE OG MØTE I KOMMUNANE

Barnehagekampanjen har også utløyst aktivitet knytt til fellesmøte med tilsette og styrarar i enkelte kommunar. I 2010 vart det mellom anna gjennomført gode møte i Ørsta, Vindafjord, Husnes, Vågå og Ål, der Mållaget har fått drøft problemstillingane med fleire tilsette sam-

stundes. I 2011-2012 har vi delteke på fellesmøte eller kurs i Gloppe, Volda, Sande, Radøy, Østre Toten, Vestre Toten, Time, Nes, Sandnes, Hemsedal og Naustdal. Slike fellesmøte er ein god arbeidsmåte og er noko som er viktig å arbeida vidare med. Fleire stader har det også vorte invitert foreldre og tilsette til inspirasjonskveldar; både Husnes og Ørsta er gode døme på dette.

### FØRSKULELÆRARUTDANNINGA

Vi har ved fleire høve vitja lærarutdanninga ved Høgskolen i Oslo fleire gonger. Studentane skal ut i barnehagane om nokre år, og det er viktig å få til fleire slike besøk.

### PRESSEMERKSEMD

Styret meiner dette har vore ein viktig kampanje sentralt og lokalt, både politisk og organisatorisk. Vi har arbeidd med å få presse med på barnehagebesøk. Og vi har fått til fleire fine oppslag og innslag i både aviser, TV og radio. Mange lokallag hugsar også å gjera pressearbeid, og dette er noko vi vil arbeida vidare med.

### POLITISKE MARKERINGAR

Noregs Mållag har sendt ut fleire lesarbrev om kampanjen både i 2010 og 2011. I samband med landsmøtet i 2011 vart det laga eit eige presseutspel med krav om meir nynorsk i forskulelærarutdanninga.

## NYNORSK LYSTLESING, FORPROSJEKT

I starten av kampanjen for meir nynorsk i barnehagane diskuterte styret korleis ei slik satsing kunne fylgjast opp med større tyngd og over tid. Konklusjonen vart å prøva å få på beina eit prosjekt for 5–9-åringar der nynorsk lystlesing stod sentralt. Mållaget sökte Kulturdepartementet om pengar både til utvikling av forprosjekt og til gjennomføring av sjølve prosjektet, der prosjektet var tenkt å vara i fire år. Departementet løyvde pengar til forprosjektet, og det er gjennomført hausten 2011. Firmaet Språkfolk har vore leid inn for å skriva forprosjektrapporten, og dei to konsulentane la fram resultatet for styret og fylkesleiarane på landsrådmøtet i desember. Mållaget vil senda søknad våren 2012 om midlar til å gjennomføra ein slik kampanje.

### 2.1.2 Barn og media

Nynorsk og dialekt må inn i større grad på radio og i fjernsyn i program som særskilt er retta mot barn. Noregs Mållag skal, i samarbeid med Kringkastingsringen, følgja opp kravet om 25 % nynorsk i NRK Super. Noregs Mållag vil arbeida for meir nynorsk for barn og unge i den digitale verda.

## NRK SUPER

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget har fleire gonger peika på kor viktig språket i barne- og ungdomsretta kringkasting er. Difor har Noregs Mållag og Kringkastingsringen fylgt ekstra nøyne med på NRKs barnekanal, NRK Super.

Sidan 2009 har vi hatt halvårlege møte med NRK Super (april og desember), der vi har fylgt opp arbeidet med å auka nynorskdelen.

Når NRK Super i 2010 var blant dei kanalane der nynorskbruken hadde gått tydeleg ned, gav dette grunn til uro. Den viktigaste grunnen NRK gjev for endringar, er at dei har gått over til å dubba, heller enn å teksta, utanlandske seriar, at kapasiteten ved NorDub Volda i periodar ikkje har vore god nok, og at det er vanskeleg å få dubba til nynorsk med barnerøyster. NRK Super meiner elles at dei er flinke til å prioritera nynorsk og dialekt i «kjernetida», og det oversynet dei har gjeve over satsingane sine, stor langt på veg utsegna om at tilbodet i kjernetida er vesentleg betre enn resten av dagen.

### 2.1.3 Lokale tiltak

Viktige tiltak i lokallaga er å informera barnehagane om kva materiell som finst, som til dømes Pirion og Blåmann Barnebokklubb, og å spreia dette. Lokale mållag kan samarbeida med kommunane for at barnehagane kjem med i kommunale språkplanar. Dei kan også laga

lokalt materiell for å fremja den lokale kulturen og dialekten, og samarbeida med barnehagane om å nå foreldra og få besteforeldre og andre til å vitja barnehagane.

Barnehagekampanjen er oppsummert samla under punkt 2.1.1.

## 2.2 Nynorsk i skulen

Det viktigaste målet er å auka talet på nynorskelever i grunnskulen og å heva kvaliteten på opplæringa.

### 2.2.1 Talet på nynorskelever

Noregs Mållag må arbeida for å auka talet på nynorskelever i skulen. Sentrallekken skal informera om retten til å skipa nynorsk parallelklassen, fylgja opp alle som ynskjer å starta nynorsk parallelklassen og utvikla eit parallelklassekurs for interesserte foreldre og mållag.

## SKULEMÅL

Det viktigaste målet er å auka talet på nynorskelever i grunnskulen og å heva kvaliteten på opplæringa. Dette målet er ikkje nått. Det er 78 794 elevar som har nynorsk hovudmål, ein nedgang på 847. I all hovudsak er det demografi og målbytte som er årsaka. Elevgrunnlaget i mange nynorskkommunar minkar jamt. Samstundes veit vi at målbytet frå nynorsk til bokmål tek til alt på ungdomsskulen – særleg gjeld det i randsonene, til dømes rundt Bergen og Stavanger.

Det har vore tre røystingar i perioden. Røystinga i Otta vert fyrst avgjort i kommunen i april. Det kan også bli røysting i Nord-Aurdal: Kommunen skal slå saman alle småskulane til ein stor skule, og det er skular med ulikt opplæringsmål. Ergo må kommunen lysa ut røysting, men det er uvisst kva tid det blir. I 2011 var det to røystingar – i Skåbu (Nord-Fron) og Torvikbukt (Gjemnes). I Skåbu var det ei vanleg folkerøysting, medan Torvikbukt skule er ein privatskule, og der hadde berre luteigarar røysterett. Røystinga i Torvikbukt var også spesiell på den måten at røystinga vart halden midt på sommaren.

## RØYSTINGAR

Den klare sigeren i Skåbu fylgde den gode oppskrifta som dei fleste har brukte der nynorsk har vunne dei siste tiåra. Sterke nynorskvenner og lokallaget dreiv massiv mobilisering av dei røysteføre, både gjennom dørvitjingar og lokalavisa. Det viser seg mest som ei lov at der det blir gjennomført direkte kontakt med dei røysteføre ved dørvitjingar, der vinn nynorsken. Den største utfordringa er å få fram at det er ålmenn røysterett, kvifor det er slik, og kvifor folk bør røysta.

Jamvel om arbeidsåret har vore «roleg» når det gjeld folkerøystingar om skulemålet, veit vi at stoda på mange nynorskskular er skjør. Det er avgjerande at vi evnar å fylgja opp etter røystinga. Vi inviterer difor i mange samanhengar til at skulane drøfter vilkåra for å vera ein nynorskskule. På Askøy har lokallaget gjort eit framifrå arbeid i tett samarbeid med skuleleiinga på dei to skulane som hadde røysting i 2011, slik at det kan vera råd å unngå nye røystingar om fem år. Mellom anna har dei fått til eit samarbeid med Nynorsksenteret for å styrkja skulane som nynorskskular. Dei arbeider òg tett opp mot barnehagane i denne samanhengen.

Det er ein klår tendens til at dei foreldra som dreg i gang røysting på nynorskskular, vurderer saka praktisk og konkret: Somme opplever at den store skilnaden på målstoda i og utanfor skulen, forstyrrar målkjensla til borna og dermed gjer det vanskeleg å læra nynorsk enkelt og greitt. Sjølv om opplæringsmålet er nynorsk, møter borna svært lite nynorsk utanfor skulen.

Bø i Telemark er eit døme på kva som skjer når kommunen ikkje har ein medviten politikk på å laga gode vilkår for å vera ein nynorskskule. På ein av grøndeskulane vel foreldre lærebøker på bokmål i andre fag enn norsk for borna sine, trass i at borna skal skriva nynorsk. Det er opplæringslova som opnar for denne praksisen, og denne regelen opnar for at foreldra kan undergrava føremålet med å gjera politiske vedtak om opplæringsmålet. Noregs Mållag har lenge arbeidd med å få endra denne regelen i opplæringslova, men i denne perioden er det ikkje politisk fleirtal for ei endring.

Noregs Mållag må arbeida for å stoppa utholinga av opplæringslova, slik at bokmålsklassar i nynorskskular ikkje øydelegg for nynorskelevane.

Noregs Mållag hadde møte med Utdanningsforbundet i september 2011, der mellom anna det vi opplever som veikskapar og problem i opplæringslova, vart tekne opp. Dei same spørsmåla har vore tekne opp i ulike politiske samanhengar tidlegare. Signal både frå Utdanningsforbundet og frå utdanningspolitikarar tyder på at Mållaget er nokså åleine om å oppleva einskilde paragrafar i opplæringslova som problematiske.

Det er eit mål å gjennomføra éi offensiv skulemålsrøysting i perioden. Dersom lokal- eller fylkeslag melder inn stader der ei slik røysting kan vera aktuell, skal Noregs Mållag prioritera høgt å stilla naudsynte ressursar til rådvelde. Mållag og målfolk som kan vera interesserte i å gjennomføra ei slik røysting, bør samlast i eit eige nettverk som kan finna fram til verkemidla som skal til for å vinna.

Noregs Mållag har ikkje fått innspel om eller førespurnader som gjeld ynske om å gjennomføra ei offensiv røysting i perioden.

Det er eit mål å gjennomføra éi offensiv skulemålsrøysting i perioden. Dersom lokal- eller fylkeslag melder inn stader der ei slik røysting kan vera aktuell, skal Noregs Mållag prioritera høgt å stilla naudsynte ressursar til rådvelde. Mållag og målfolk som kan vera interesserte i å gjennomføra ei slik røysting, bør samlast i eit eige nettverk som kan finna fram til verkemidla som skal til for å vinna.

Noregs Mållag har sett ned ei skulemålsnemnd som skal vera til hjelp for lokallaga med idear til oppgåver, argumentasjon og materiell til arbeidet. Nemnda kom i arbeid vinteren 2012.

## UNGDOMSSKULEN

Også i denne arbeidsbolken har Noregs Mållag motteke meldingar frå foreldre som fortel om svært vanskelege vilkår for borna deira. Opplæringslova gjev ingen garantiar for at nynorskelevar på ungdomsskulen skal få ei fullgod opplæring, snarare opnar ho for at det kan bli vanskelegare for elevane å halda på nynorsk som hovudmål. Det skjer fordi elevane ikkje har rett til tavleundervisning på sitt eige hovudmål, eller til å gå samla i éin klasse der dei utgjer eit lite mindretal av elevane på skulen.

I Sandnes har Noregs Mållag i samarbeid med foreldre hatt møte med ungdomsskule for å drøfta vilkåra for å vera nynorskelev. Her viste det seg at skulen ikkje kunne opplæringslova og trudde skulen var ein «bokmållskule». Difor meinte dei at dei ikkje hadde plikt til å gje nynorskelevane like gode opplæringsvilkår som

## FOLKERØYSTINGAR OM SKULEMÅL 2011-2012

(1992-2011 på side 65)

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
060711	Torvikbukt	Gjemnes		74	123	Bokmål
220811	Skåbu	Nord-Fron	431	150	95	Nynorsk
120312	Otta	Sel	3 030	76	103	Ikkje avgjort



## RØYSTING Skåbyggingane valde å halda på nynorsk som skulemål. Her frå røystelokalet i bygdehuset. (Foto: Bjørn Sletten/Lokalavisa Dølen)

bokmålselevane. I møtet med skulen vedgjekk skuleleia at mange av lærarane mangla god nok kompetanse i nynorsk til å bruka nynorsk i undervisninga. Trass i lovnader frå skulen om å gjera stoda betre for nynorskelevane, heldt skulen fram med å vera ein «bokmåls-skule». Resultatet vart at foreldra ved årsskiftet valde å la borna byta til bokmål.

### MÅLSTREKEN

Prosjektet Målstreken er eit treårig prosjekt som har som mål å gjera det enklare å vera ung nynorskbrukar i Valdres. Det starta i 2009, og bak prosjektet står Valdres Mållag og Noregs Mållag. Karen Marie Kvåle Garthus er tilsett som prosjektleiar.

Ei undersøking som Målstreken gjennomførte ved Valdres vidaregåande skule, viser at så mange som 75 % av nynorskelevane i Valdres skiftar målform i løpet av skuletida si. Dårleg meistring og därlege haldningar er dei to hovudårsakene ungdomane sjølvे oppgjev. Den same undersøkinga vart gjennomført ved Firda vidaregåande skule i Sogn og Fjordane, og viste at berre 5 % skifta målform der i løpet av skuletida. Dette seier noko om kor viktig det er å sjå nynorsk i samfunnet rundt seg, om ein skal bli ein trygg nynorskbrukar.

Gjennom snart tre år har Målstreken besøkt 7.- og 9.-klassingane ved nynorskskulane i Valdres, og fyrste-

klassingane ved Valdres vidaregåande skule. Prosjektleiaren har snakka med ungdomane om fordelar ved å meistra to språk, vist fram god litteratur på nynorsk og i det heile fått ungdomane i tale om dei språklege vala dei tek.

Det siste året har Målstreken òg eit samarbeid med norskseksjonane ved Valdres vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule. Målet for dette samarbeidet er å læra meir om kva som kjenneteiknar tospråklege samfunn, og korleis ein som norsklærar kan ta fatt i utfordringane kring det å bruka eit mindretalsspråk. Prosjektet er i samarbeid med Nynorskenteret og med Høgskulen i Sogn og Fjordane, og blir støtta av Språkrådet.

Saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane arbeider Målstreken også med å etablere eit vidareutdanningsstudium i nynorskdidaktikk for norsklærarar i grunnskulen i Valdres. Dette studiet skal gje kunnskap om tospråklege samfunn generelt og korleis ein i skulen kan styrkja dei elevane som bruker eit mindretalsspråk.

Prosjektet Målstreken vert avslutta våren 2012 med ei ny spørjeundersøking og ein rapport som styret i Noregs Mållag vil bruka til å fylgja opp saka. Målstreken har vore ei av hovudprioriteringane for Mållaget i ein treårsperiode.



**KNØLKVALEN KAI** Heidi Marie Vestrheim og Roy Ole Førland underheld borna med historia om knølkvalen Kai på utescena i Aasentunet under Dei Nynorske Festspela. (Foto: Hege Lothe)

## FORUM FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Forum for nynorsk i opplæringa er sett ned av Ut dan ningsdirektoratet ved direktør Petter Skarheim (no i permisjon). I forumet møter Noregs Mållag, Landssam mansluttinga av nynorskkommunar, Nynorsk kultursentr um, Språkrådet, Litteraturselskapet Samlaget og Nynorsk senteret. I tillegg kjem direktøren i direkto ratet og eit utval andre tilsette frå direktoratet alt etter kva saker som står på saklista. På møta blir aktuelle saker om nynorsk i skulen drøfte, til dømes reglar i opplæringslova, forskingsrapportar, aktuelle forsøk og endringar nynorskorganisasjonane gjerne skulle ha fått gjennomslag for. Vi har vanlegvis hatt tre møte i året frå oppstarten hausten 2005. Det førre møtet var 1. april 2011 og den einaste saka var om talet på karakterar i norskfaget bør endrast.

### 2.2.2 Kvalitet i opplæringa

Kvaliteten på undervisninga i og på nynorsk må hevast. Noregs Mållag må sikra at lærarutdanninga og lektorutdanninga blir endra slik at lærarstudentane får opplæ ring i nynorsk- og sidemålsdidaktikk, i tillegg til at dei må meistra nynorsk.

## FØRSKULELÆRARUTDANNINGA

I 2011 vart det starta eit arbeid med ny rammeplan for førskulelærarutdanninga. Utkast til ny forskrift om rammeplan for ny førskulelærarutdanning var fyrst varsla i oktober 2011, og leiaren for rammeplanutvalet, Gunnar Stave, innleidde om arbeidet deira for styret i Mållaget i august. For Mållaget var det viktig å spela inn at kompetanse i både nynorsk og bokmål bør presiserast i førskulelærarutdanninga, slik det er gjort i lærarutdanninga. Arbeidet vart noko forseinka, og høy ringa vart fyrst kunngjord 1. februar 2012. I høy ringa er det formulert krav om at førskulelærarane «kan for midle sentralt fagstoff muntlig og skriftlig og mestrer norsk på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng». Ut frå forskrifta skal det lagast nasjonale retningslinjer der ein går djupare inn i kvart fagområde. Presiseringa av at språkkompetansen gjeld både nynorsk og bokmål, er med i dei nasjonale retningslinjene for kunnskaps området «språk, tekst og matematikk». Desse retnings linjene har ikkje juridisk status, slik forskrifta har. Mållaget hadde hausten 2011 også møte med leiaren for kunnskapsområdet som gjeld språk, Ingeborg Mjør. Høy ringsfristen er 13. april, og Noregs Mållag kjem til å senda høy ringsfråsregn i saka.

## LÆRARUTDANNINGA

I grunnskulelærarutdanninga er det ikkje lenger eit krav at alle må ha eit minimum vekttal i norsk. Dei som utdannar seg for undervisning på 5.-10. steget, treng berre norsk i fagkrinsen sin dersom dei skal undervisa i norsk. Samstundes er alle lærarar norsklærarar, då dei bruker språket i andre fag dei underviser i. Noregs Mållag har i mange samanhengar teke opp desse problemstillingane. Det skaper særlege vanskar ved nynorskskular og for nynorskelevane fordi det fyrst og fremst er dei som i ein del tilfelle får lærarar med for dårleg kompetanse i undervisningsmålet ved skulen. Mållaget møter mykje forståing for dei problema vi peikar på, men har ikkje dette året greidd å gjera forståinga om til felles innsats for faktiske endringar.

I 2010 opna Kunnskapsdepartementet for at elevar som har hatt fritak frå sidemål i vidaregåande skule, også skal kunna gjennomføra lærarutdanninga utan å bli prøvd i både målformene. Noregs Mållag sende brev til Utdanningsdirektoratet i august 2011 der vi peika på at dette truleg fyrst og fremst rammar nynorskkunskapen hjå lærarane. Vi bad om at departementet eller direktoratet gjennom dette skuleåret skaffar oversyn over korleis lærarutdanningane fylgjer opp dei ålmenne krava om kompetanse i både nynorsk og bokmål. Utdanningsdirektoratet vart også oppmoda om å ta opp synsmåtane våre i sitt møte med utdanningsinstitusjonane.

**Opplæringa i norskfaget i grunnskulen og vidaregåande skule må gje nynorskelevane språkleg sjølvstilling og identitet, og Noregs Mållag må difor arbeida for å endra læreplanmåla i Kunnskapsløftet.**

## REVISJON AV LÆREPLANAR I GRUNNSKULE OG VIDAREGÅANDE SKULE

Arbeidet med å revidera læreplanane for Kunnskapsløftet tok til i 2011, men det var ikkje før 24. januar i år revisjonen var på alle lepper. Då sa Kunnskapsministren i eit intervju med *Dagsavisen* at ho vil gjera kompetansemåla ulike i sidemål og hovudmål. Her lufta ho òg tanken om å slå saman standpunktcharakteren i sidemål og hovudmål og å gjera sidemål til trekkfag i vidaregåande skule, utan at ho ville trekkja nokon konklusjon. Bakgrunnen for intervjuet i *Dagsavisen* var at Utdanningsdirektoratet i brev til Kunnskapsdepartementet hadde bede om å få gå vidare med nokre punkt i arbeidet med å revidera læreplanen i norsk. Her ville Utdanningsdirektoratet tydeleg prioritera hovudmål, endra kompetansekrava til fordel for hovudmålet, slå saman dei to skriftlege karakterane i norsk til éin og gjera sidemål til trekkfag i vidaregåande skule, medan ungdomsskulelevane ikkje skulle kunna koma opp i sidemål i det heile. Det kan vera verdt å merka seg at

det var Kunnskapsdepartementet sjølv som hadde bede Utdanningsdirektoratet vurdera både kompetansekrava og vurderingsformene i sidemål. I oppdragsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til Utdanningsdirektoratet i desember 2010 heiter det at departementet har fått klare signal om at læreplanen er for ambisiøs. I brevet får Utdanningsdirektoratet eit klårt formulert oppdrag om å vurdera karakterar og eksamen i sidemål.

Som ein del av arbeidet med revisjon av norskfaget oppretta Utdanningsdirektoratet «Forum for norskfaget», som var samansett av 19 personar som arbeider med norskfaget i grunnopplæringa og lærarutdanninga. Forumet leverte ein delrapport til Utdanningsdirektoratet før jul, og den endelege rapporten kjem i slutten av mars. Forumet er kritisk til å ta vekk karakteren i norsk sidemål, og føreslår å innføra avsluttande eksamen, slik at elevane framleis får ein eigen karakter i sidemål sjølv om ein slår saman standpunktcharakterane. Likevel har altså Utdanningsdirektoratet i brevet til Kunnskapsdepartementet sett vekk frå forumet dei sette ned for å få råd frå.

I dei to vekene frå Kunnskapsministeren gjekk ut i *Dagsavisen* og til Kunnskapsdepartementet gav sitt svar til Utdanningsdirektoratet, storma det kring saka. Mållaget fekk mykje støtte også frå uventa hald. Presset gav avkastning; då Kunnskapsdepartementet svara, hadde det moderert seg. I svaret til Utdanningsdirektoratet ber departementet om at direktoratet greier ut nærmere framlegga frå Forum for norskfaget, og at ein legg vekt på faglege innspel. Det er gledeleg, sidan det er nett det Mållaget har kritisert Utdanningsdirektoratet for ikkje å gjera. Men framleis vil ikkje Kunnskapsministeren ta stilling til kva læreplangruppa som skal revidera læreplanane, skal meina om sidemålet. Ho vil venta til hausten då framlegget med ny læreplan skal vera klart.

I dagane etter Kunnskapsministeren sitt utspel arbeidde Noregs Mållag og fleire gode krefter hardt for å få fram at ulike kompetansemål og bortfall av karakter vil vera dramatisk ikkje berre for opplæringa i sidemål, men òg for jamstellinga mellom nynorsk og bokmål og såleis òg for nynorsken. Arbeidet har i stor grad vore retta inn mot å få fram gode røyster i media og å vidareformidla vårt syn i saka. Det vart òg gjort eit tidkrevjande og strategisk arbeid overfor sentrale politikarar for å få gjennomslag for våre standpunkt. Dette arbeidet må haldast oppe fram mot hausten 2012 då læreplanen skal ut på høyring.

Allereie utdanna lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk.,

I forlenging av prosjektet Målstreken er det etablert eit samarbeid mellom norsklærarane ved Valdres vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule. Dei har

hatt to samlingar der dei har drøft metodikk for å gjera nynorskelevane til tryggare språkbrukarar. Samlingane fekk støtte frå Nynorskcenteret og Språkrådet, og Noregs Mållag har gjeve ein underskotsgaranti.

Målstreken har òg kontakt med Høgskulen i Sogn og Fjordane for å få etablert eit vidareutdanningstilbod for lærarar om nynorskdidaktikk i eit fleirspråkperspektiv. Det kan vera eit supplement til kurset i nynorskdidaktikk som Høgskulen i Volda har. Begge tilboda kan verte sentrale no når Kunnskapsdepartementet ynskjer å styrkja opplæringa for elevar med nynorsk som hovudmål.

**Språkrådet eller ein annan instans må få i oppgåve å kartleggja kvaliteten på og innhaldet i nynorskundervisninga, og dei må få midlar til å fylgja opp denne oppgåva.**

Resultat frå Valdres kan tyda på at elevane får for dårleg opplæring i nynorsk, og at det er ein grunn til at dei går over til bokmål. Kunnskapsministeren har i fleire samanhengar understreka at det må gjerast meir for å få nynorskelevane til å halda på skriftmålet sitt, og vil setja ned ei nemnd som skal koma med framlegg til tiltak. Noregs Mållag har mykje kunnskap om målbyteproblematisken, ikkje minst etter å ha hatt Målstrek-prosjektet gåande i tre år, og har spela inn til departementet ein del tankar om kva som er grunnar til at elevane skiftar målform.

Noregs Mållag har òg hatt kontakt med Språkrådet om kvaliteten på nynorskundervisninga. Språkrådet har tinga to forskingsrapportar: «Opplæringsperspektivet» og «Sidemålet i eit danningsperspektiv». Mållaget vil fylgja opp kontakten når rapportane er på plass og resultata skal omsetjast i vidare arbeid.

Lokallaga bør tilby (beste)foreldregrupper etter modell frå barnehagearbeidet, kurs for lærarar og arbeida for at skulebiblioteka kjøper inn nynorskbøker. Dei må i tillegg arbeida opp mot politikarar og administrasjon for å sikra at skulane driv god nynorskopplæring.

Alle læremiddel må koma til same tid og pris på nynorsk og bokmål. Noregs Mållag og fylkeslag skal særleg arbeida for at alle digitale hjelpe middel skal ligga føra på nynorsk, slik som brukargrensesnittet på datamaskinene til elevane, digitale læremiddel og kontorstøtteprogram. Difor er det viktig at lokale, regionale og sentrale lag av Noregs Mållag klagar inn brot på opplæringslova og mållova innanfor ansvarsområdet for Kunnskapsdepartementet.

Det siste året har vi ikkje fått meldingar om brot på opplæringslova når det gjeld prinsippet om at læremid-

del skal koma til same tid og pris. Vi har difor ikkje brukt tid på å kontrollera at bøkene ligg føre slik dei skal. Derimot får vi ein del innspel om at andre organisasjonar som slepp til i skulen med kortvarig prosjektmateriell, ikkje tilbyr materiellet sitt på nynorsk. Det gjeld tema som miljøvern, undervisningsopplegg om rusmiddel og sex og samliv, attåt hjelpe middel i skulen som gjerne er brukte heile året, men som Utdanningsdirektoratet ikkje definerer som læremiddel. Noregs Mållag har teke opp desse spørsmåla med Kunnskapsministeren på møte i desember. På det same møtet tok vi opp at det ikkje lenger er ein lovfest rett å få programvare på hovudmålet sitt. Vi har særleg peika på at nynorskelevar burde ha same rettane når det gjeld vanlege kontorstøtteprogram, som det bokmålelevane i praksis har.

Arbeidsprogrammet tek opp at både lokallag og fylkeslag bør klaga inn brot på opplæringslova og mållova innanfor ansvarsområdet for Kunnskapsdepartementet. Sentralt har vi ikkje fått laga informasjonsmateriell til laga med tips om korleis dette arbeidet kan gjerast. Det må truleg på plass før vi ser ein tydeleg auke i klagesaken.

10. september 2011 var det 40 år sidan den første streiken for nynorske læremiddel, som fann stad i Øystese. Noregs Mållag medverka til ei markering i Øystese på jubileumsdagen, der Norsk Målungsdom stod for gjennomføringa.

### PROGRAMVARE

Mållaget er ikkje nøgd med at retten til parallellutgåver av kontorstøtteprogram fall bort i førra revisjon av forskrifta til opplæringslova. I alle politiske samanhengar der tema om skulen er oppe, peikar vi difor på dette mishøvet mellom stadig meir bruk av data i skulen og dei manglande rettane for nynorskelevane til grunnleggende elektroniske hjelpe middel.

#### 2.2.3 Sidemål

Noregs Mållag vil arbeida for at flest mogleg elevar byrjar med nynorsk sidemål allereie tidleg på barne-skulen. Mållaget ynskjer å arbeida for at styresmaktene set i gang eit positivt sidemålsforsøk der alle elevar på eit årskull nyttar nynorske læremiddel og får undervisninga på nynorsk i eitt fag. Noregs Mållag vil forsvara ordninga med obligatorisk sidemålsundervisning i den vidaregåande skulen

### TIDLEG START

Arbeidet med tidlegare start med nynorsk sidemål i opplæringa får stadig fleire tilhengrar utanfor Mållaget. Noregs Mållag hadde hausten 2011 møte med Kunnskapsministeren om norskfaget. Her spelte me inn våre synspunkt om norskopplæringa. Særleg var

ministeren interessert i synspunkta våre på tidleg start og lesing av nynorske tekstar i andre fag enn norsk. Dette kan me sjå att i svaret hennar til Utdanningsdirektoratet om revisjonen av norskfaget. Der legg departementet vekt på at alle elevar skal lesa eit auka omfang av tekstar på nynorsk gjennom heile grunnopplæringa.

Etter desembermøtet sende styret ut ei fråsegn om temaet som fekk svært god pressedeckning. Mållaget har òg kome med ei fråsegn til Forum for norskfaget der dette er eit viktig tema.

## RÅDSLAG OG ARGUMENTSAMLING

Hausten vart innleidd med tips og hjelp til lokallag som ynskte å bruka sidemålssaka i lokalvalkampen. I august sende Mållaget ut både ei lengre argumentsamling knytt til utsegner frå sidemålsnegative politikarar i valkampen, og dessutan nokre utkast til lesarbrev som lokallaga kunne tilpassa lokale forhold eller bruka som dei var.

I november gjennomførte styret eit rådslag om sidemålet i skulen. Ei handfull fagfolk med kompetanse frå skulen og andre utdanningsinstitusjonar var til stades saman med delar av styret og skrivarstova. Rådslaget var eitt av grunnlaget styret bygde på då det forma ut og vedtok høyringsinnspel til delrapporten om endringar i læreplanane frå Forum for norskfaget.

Arbeidet med å forsvara sidemålsordninga vart intensivert med kunnskapsministeren sine utsegner om revisjonen av norskfaget. Mållaget har arbeidd breitt både i norskfagsmiljøa og i politiske krinsar, og saka fekk uventa mykje støtte vinteren 2012, også frå uventa hald. I brevet Kunnskapsdepartementet sende til Utdanningsdirektoratet, ber departementet om at det blir grunngjeve i føremålet for norskfaget kvifor opplæring i sidemål og kunnskap om nynorsk er viktig for alle elevar. Denne formuleringa blir viktig, og her må Mållaget arbeida for å få gode formuleringar.

Framover blir det viktig å halda opp presset på dei politiske miljøa og bruka dei gode kreftene me har spelt på til no. Våren 2012 må det arbeidast med å få til gode vedtak på fylkesårsmøta i partia om norskfaget og om sidemålsordninga særskilt. Samstundes startar programarbeidet i partia, og her er det viktig å koma med innspela våre.

### 2.2.4 Organisering av skolemålsarbeidet

Noregs Mållag sentralt skal setja ned ei nemnd som skal leia arbeidet med skolemål frå barnehage til vidaregående skule. Nemnda skal særleg fylgja opp fylkeslaga, Norsk Målungdom og arbeidet opp mot styresmaktene.

Nemnda skal utarbeida gode tiltak laga kan setja i verk og skipa til ei årleg samling for aktivistar som er særleg opptekne av skolemålsarbeid. Alle fylkeslag og flest mogleg lokallag skal driva eige skolemålsarbeid bygd på dei lokale tilhøva. Det er særleg viktig at laga melder inn korleis Noregs Mållag sentralt kan stø opp om det lokale skolemålsarbeidet.

Nemnda vart sett ned før jul. Terje Kjøde frå styret leier arbeidet. Med seg i nemnda har han Åse Wetås, Tom Arnt Lindeland, Nils Ulvund og Maria Svendsen (NMU).

Nemnda hadde fyrste samling i februar 2012, og vil ha eitt møte til før landsmøtet. Nemnda har valt å prioritera arbeidet med språket i barnehagane og i småskulen det komande året, og vil leggja mest vekt på å få eit aktivistkorps i organisasjonen, mellom anna med barnehageansvarlege i lokallaga og tilbod om skoleringsamling for desse.

### 2.3 Forsking

Noregs Mållag vil arbeida overfor ulike forskingsmiljø for å fremja meir forsking på ulike sider ved nynorsk språktilleigning og -opplæring. I tillegg til pedagogisk og didaktisk forsking knytt til norskfaget er det også viktig med meir kunnskap om den norske situasjonen med nynorsk og bokmål i lys av tospråklegheitsforskning meir allment.

Saman med aktuelle forskingsmiljø vil Noregs Mållag arbeida for å auka den finanzielle støtta til forsking på born og nynorsk.

Noregs Mållag har drøft eit mogleg nynorsk forskingsprogram med fleire personar innanfor forskingsmiljøa. Eit slikt program ville vera interessant for mange, men det er ikkje enkelt å få politisk tilslutning til midlane som skal til. Det er så langt ingen handfaste resultat av drøftingane.

# Andre målpolitiske tiltak

I denne perioden skal Noregs Mållag ha arbeid med nynorsk oppvekst som hovedprioritering. Likevel må målreisinga gå føre seg på alle felt i samfunnet og mållaget vil også arbeida på desse områda:

## 3.1 Media

Noregs Mållag sentralt, fylkeslaga og einskildlaga skal saman **arbeida for meir nynorsk i media**, gjennom å styrkja dei nynorske avisene, tidsskrifta og publikasjonane som finst, og stø opp om dei som måtte koma til.

Opplagstala frå 2011 syner dei same tendensane ein har sett dei siste åra. Tabloidavisene slit, og laussalet er raskt fallande. Samstundes styrkjer dei meiningsberande avisene seg. Nynorskvenlege avisene som *Klassenkampen* og *Morgenbladet* er mellom opplagsvinnarane. *Dag og Tid* hadde eit veldig godt år og auka opplaget med 4,7 prosent til 8700.

For lokalavisene er opplaget stabilt, og det er dei minste som greier seg best. Avisa *Nordhordland* hadde til dømes ein fin vekst i 2011 til 6100.

Noregs Mållag sentralt skal følgja opp arbeidet med å oppheva nynorskforbodet på redaksjonell plass i dei riksdekkjande avisene.

Noregs Mållag har ikkje hatt kapasitet til å fylgja opp riksavisene med nye møte. Nynorskforbodet har vore nemnt i mange andre samanhengar, og det er små teikn til forsiktige oppmjukingar i det absolute forbodet, men inga endring i prinsippa. Då sidemålssaka eksploderte i januar, kom det ei brei støtte frå mange avisredaksjonar. Skriftleg sidemålsundervisning i skulen fekk støtte på leiarplass i både *Verdens Gang* og *Bergens*

*Tidende*. Lengst gjekk debattredaktør Elisabeth Skarsbø Moen i *Verdens Gang*. Ho meinte at nynorsk-brukande journalistar som hadde skifta til bokmål, ikkje hadde stått hardt nok på for å få lov til å skriva nynorsk. Ho kunne likevel ikkje lova at det ville bli ei opning for å nyttja nynorsk i *Verdens Gang*.

Saman med Kringkastingsringen skal Noregs Mållag vera ei viktig andsynes kravet til NRK om 25 % nynorsk. Dei skal også saman driva pressverksem for å få språkpolitiske krav til private radio- og fjernsynskanalar.

## NRK

NRK er ein viktig aktør for å sikra nynorsk og dialekt ein plass i etermedia. Denne oppgåva har Stortinget stadfest i NRK-plakaten (pkt. 3d), der kanalen blir pålagd å nyttja minst 25 prosent nynorsk i kvar kanal. Kvart år eigenrapporterer NRK i Allmennkringkastarrekneskapen innan utgangen av mars. Medietilsynet, som fører tilsyn med allmennkringkastinga, legg denne til grunn for vurderingane sine i Allmennkringkastingsrapporten. I 2010 sette NRK språkmålingane bort til verksemda Synovate, og som ei fylgje var grunnlaget for 2010-tala berre siste kvartal.

Nynorsktala for 2010 synte at nynorskbruken i NRK hadde gått attende i fleire viktige kanalar: NRK1 frå 24 % til 18,2 %; NRK P2 frå 23 % til 17 % og NRK Super frå 16 % til 9,2 %. I dei andre kanalane var det tale om mindre endringar. I grunnlaget for desse tala er også halvparten av dialektbruken rekna som nynorsk. Nynorskdelen kan difor verka kunstig stor.

Då Allmennkringkastingsrapporten 2010 vart lagd fram i juni, vart det noko merksem i media rundt nynorskbruken. Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas hevda mellom anna at det på lengre sikt blir vanske-

leg å greia 25 prosent nynorsk når monaleg færre har nynorsk som hovudmål. I rapporten blir også dialekt-bruk og færre manusbundne sendingar presenterte som problem for å greia nynorskkravet.

Det kom òg fram at NRK Nynorsk mediesenter, som årleg utdannar om lag ti nynorskjournalistar, er eit heilt naudsynt tiltak for å syta for rekrutteringa av nynorskbrukande journalistar.

Noregs Mållag og Kringkastingsringen reagerte på 2010-tala frå NRK ved å be om eit hastemøte med kringkastingssjefen. Etter møtet sende vi òg eit brev til Kulturdepartementet der vi la til grunn at departementet, som eigar av NRK, har eit ansvar for å leggja til rette for at NRK skal greia pliktene sine som allmennkringkastar. I brevet vart det särleg peika på to tiltak: støtte til etablering av eksterne dubbingtenester utanfor Oslo (som NorDub i Volda), og auka nynorskkompetanse hjå nyutdanna journalistar.

## DEI NYNORSKE MEDIEDAGANE

Mediemållaget skipa i oktober til Dei nynorske mediedagane for fjerde år på rad. Mediemållaget fekk 20 000 kroner i støtte frå Mållaget for kostnadene ved tilskipinga, men vi deltok ikkje med eigne tilskipingar.

## NYNORSK REDAKTØRPRISS

Mediemållaget deler kvart år ut Nynorsk redaktørpris. For 2011 gjekk prisen til *Syn* og *Segn*-redaktør Bente Riise, som også er styremedlem i Noregs Mållag. Ho fekk prisen for innsatsen for nynorsk mediespråk, mellom anna gjennom å trekkja til seg skribentar som ikkje i utgangspunktet skriv nynorsk.

### 3.2 Nynorsk kyrkjemål

Noregs Mållag skal arbeida for at nynorsk får breiast mogleg plass i administrasjon, gudstenesteliv og i andre kyrkjelege handlingar. Mållaget vil passa på at den kyrkjelege administrasjonen held seg til Mállova. Mållaget vil särleg fylgja opp tilbodet om trusopplæringsmateriell på nynorsk i gjennomføringa av trusopplæringsreforma, og stilla som eit absolutt krav at alt materiell skal ligga føra til same tid på begge mål.

## BIBEL 2011

Etter elleve år med omsetjingsarbeid presenterte Bibelselskapet den nye bibelomsetjinga til nynorsk og bokmål i oktober 2011. Over førti konsulentar og omsetjarar har arbeidd med omsetjinga, mellom desse skjønnlitterære forfattarar som Jon Fosse og Paal-Helge Haugen. Bibel 2011 vart lansert i Oslo Domkirke 19. oktober, med ei eiga feiring av nynorskomsetjinga i Ivar Aasen-tunet og Volda kyrkje 26. oktober der Håvard B. Øvregård heldt festtalen.

## NYNORSK I TRUSOPPLÆRINGA

Ny plan for trusopplæring i Den norske kyrkja vart vedteken på Kyrkjemøtet 2009. I samband med trusopplæringsreforma er det mykje utskifting og oppdatering av trusopplæringsmateriell. Det er framleis store manglar i tilbodet av trusopplæringsmateriell på nynorsk. Mållaget vedtok fråsegn om nynorsk trusopplæring på landsmøtet 2010 og hadde møte med Kyrkjerådet om dette same året. Hausten 2010 vart aksjonsgruppa Språkleg rettferd i trusopplæringa starta. Gruppa tok initiativ til eit opprop for meir nynorsk i trusopplæringa i kyrkja som vart sendt ut til kyrkjelydar og bispedømmeråd.

Fråsegna krev språkleg rettferd i trusopplæringsreforma, og at det skal gjerast bindande vedtak i kyrkja som sikrar at læremiddel i trusopplæringa er tilgjengelege på både nynorsk og bokmål.

9. juni overrekte Håvard B. Øvregård og Helga Hjetland på vegner av aksjonsgruppa fråsegna om lovlista rett til trusopplæring på nynorsk til direktør i Kyrkjerådet Jens-Petter Johnsen. Over hundre sokneråd og fleire bispedømmeråd hadde då slutta seg til oppropet. Kyrkjerådet er i utgangspunktet positiv til kravet om språkleg jamstelling, og vil mellom anna stilla krav om at materiellet vert laga både på nynorsk og bokmål i dei tilfella der Kyrkjerådet lyser ut pengar til å produsera trusopplæringsmateriell.

## KYRKJEMÅLSRØYSTINGAR

Det har vore meir uro om kyrkjemålet enn vanleg. I Straumsnes (Tingvoll) har soknerådet gjort opptak til røysting om kyrkjemålet. Det er uvisst kva tid røystinga blir. Det same skjedde i Marnardal i dei to nordlegaste bygdene, Bjelland og Laudal. I Bjelland vedtok soknerådet å utsetja røystinga, medan framleggget om røysting vart avvist i Laudal.

Det har vore to kyrkjemålsrøystingar:

Dato	Sokn	Røysteføre	BM	NN	Vedtak
13/2-12	Ogndal		20	13	Bokmål
	(Steinkjer)				
3/4-11	Heskestad		309	15	Bokmål
	(Lund)				

Mest alle stader der kyrkjemålet blir drøft, viser nynorskmotstandarane til at det har vore skifte i opplæringsmålet på skulen frå nynorsk til bokmål.

### 3.3 Næringslivet

Noregs Mållag sentralt skal laga ein kunnskapsbank om nynorsk i næringslivet. Det er fylkes- og lokallaga som skal henta inn slik kunnskap og driva arbeid retta mot næringsliv, til dømes ved å hjelpe næringsdrivande med å marknadsføra seg på nynorsk og gje påskjøning til dei som gjer dette.



**GJENNOM ORD.** Håvard B. Øvregård (t.v.) og styremedlem Helga Hjetland overrakte ei fråsegn om lovfesta rett til trusopplæring på nynorsk til direktør i Kyrkjerådet Jens-Petter Johnsen. (Foto: Tarjei Vågstøl)

Tine markerte seg på nytt i negativ lei, då konsernet valde å presentera mjølk frå tre gardar i nynorske kommunar på bokmål. Berre ein av tjue gardar totalt var skildra i nynorsk språkdrakt. Noregs Mållag har bede om møte med Tine om den nye profilen deira. Tine-leiinga har svara at ho ikkje ser grunn til å ha møte no, men Mållaget arbeider for at det skal koma i stand likevel.

Skogstad Sport i Stryn tok steget over til nynorsk. Verksemda sel sportsklede over heile landet og har ei omsetjing i overkant av 100 millionar kroner.

Yngvar Andersen fekk Målprisen 2011. Andersen starta opp treningsenteret Mykjemeir i Oslo i 2006. Han valde medvite å bruke nynorsk i næringsverksemda si. Nettsidene har nynorsk som standard – men dei som absolutt vil, kan velja å få teksten på bokmål. Seinare har han vorte eit kjent andlet som treningsekspert i NRK-programmet Puls, der han bruker eit ledig, konkret og godt språk. Andersen fekk også målprisen frå Sogn og Fjordane Mållag, og han fekk målpris frå Luster Mållag i 2008.

I vinter har Mållaget skrive brev til Google i Noreg og bede dei om å tilby e-posttenesta gmail på nynorsk. Gmail er svært mykje brukt, og det ville difor vera eit viktig tilskot til databruk på nynorsk, mellom anna for mange skulelevar. Vi har dessverre fått negativt svar.

Avgjerdar om kva språk som skal prioriterast for omsettjingar, blir teken sentralt hjå Google, og slik dei ser det, er det andre som kjem før nynorsk på lista. Innspelet vårt er registrert, og dei vonar dei kan få omsett gmail til nynorsk ein annan gong, sjølv om det ikkje finst konkrete planar for det nett no.

#### **NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS**

Mållaget delte ut Nynorsk næringslivspris 2011 i samband med styre- og landsrådsmøtet i desember. Prisen gjekk til Ægir bryggeri i Flåm. Drivarane Evan Lewis og Aud Melås fekk prisen for ein god og gjennomført presentasjon av produktet, der innhald, namn og språk heng godt saman. Dei bruker nynorsk på etikettar, nettsida, Facebook og i annan kommunikasjon.

#### **3.4 Offentleg målbruk**

Noregs Mållag skal arbeida for at Mållova vert strenge handheva, og at det vert knytt sanksjonar til lova. Organisasjonen skal arbeida aktivt for å få skriftkulturen meir inn i kommunal og fylkeskommunal politikk, spesielt ved at fylkeslaget skal arbeida for at offentleg tilsette får tilbod om nynorskkurs, særleg i nynorskomsråda og randsonene. Noregs Mållag skal arbeida for at

programvare som blir brukt i det offentlege, skal finnast tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris, og at informasjonen om slik programvare blir gjort kjend. Noregs Mållag og LNK skal utarbeida ein rettleiar til bruk for lokallaga i kva mållaget og dei nærskyldje kan tilby kommunane i arbeidet med å styrkja språk og kultur, og arbeida for at framtidige kommunesamslängar fører til at nynorsken vert styrkt som styrings- og skulemål.

Offentleg målbruk og arbeidet med å sjå til at reglane blir etterlevde, var sak på haustseminaret på Lista hausten 2011. Mållaget sentralt har berre hatt kapasitet til å ta opp nokre få saker med statsorgan og Språkrådet, og det er særleg enkeltpersonar i Mållaget som skal ha ros for det store klagearbeidet som har vore gjort siste året. Fleire av sakene har også ført til viktige og varige endringar i språkbruken hjå ulike statsorgan. Mållaget har inntrykk av at Språkrådet har fleire ressursar til å fylgia opp dette arbeidet no enn før, og dei etterlyser sjølv endå fleire klager som kan dokumentera etterspurnaden etter nynorsk.

Vi har i mange samanhengar tidlegare teke opp spørsmålet om sanksjonar. Det siste året har likevel alle slike innspel lege på is fordi Kulturdepartementet ynskjer å sjå heile lovområdet for språk under eitt. Signalet har vore at revisjon av mållova må venta på vurderingar av om språk skal regulerast til dømes i ei eiga, ålmenn språklov.

I 2011 tilbydde LNK gratis nynorsk-kurs for alle tilsette i medlemskommunane sine, eit tilbod svært mange kommunar takka ja til. Det har såleis ikkje vore behov for at Mållaget eller fylkeslaga hjå oss har gått ut med tilsvarande tilbod.

Arbeidet med ein rettleiar til lokallaga er ikkje kome i gang, og vi har heller ikkje fått arbeidd systematisk med programvare til bruk i det offentlege siste året. Men arbeidstakarar som har kontakta oss, har fått den hjelpe dei har ynskt. Det har særleg vore spørsmål om programvare i helsesektoren.

Voss Mållag kunne notera seg for ein fin siger i haust, då ein klage om at Vinmonopolet måtte nyttja nynorsk, gjekk igjennom. Frå no av skal dei kommunale målvædtaka leggja føringar for språkval i utsala, og vi har sett saker i media om at nynorsk-skiltinga er på plass fleire stader.

## TRAFIKKAMPANJE PÅ BOKMÅL

Statens vegvesen lanserte våren 2011 ein ny kampanje som heitte «Over fartsgrensen?»

Mållaget klaga på at skilta med denne teksten også var brukte i nynorskområde mange stader i landet. Statens vegvesen svara Mållaget i juni at dei ville byta ut

skilta så snart ny folie var klar og dei hadde fått oversyn over kor mange skilt som var plasserte feil.

## NAV

Etter omlegginga til NAV har Mållaget fått mange innspel om at nynorskbrukarar blir møtte med bokmål i kommunikasjonen med NAV. Vi klaga på ålement grunnlag, og med spørsmål om korleis dei forstår reglane i mållova og kva rutinar dei har for å fylgia reglane slik dei forstår dei. NAV har svara informativt i januar om at dei vil be systemeigarane sjekka at språkkodane i programvara er aktive, at dei vil be alle tilsette om å passa på å registrera språkval, at dei vil omsetja skjema som manglar, og at dei vil stilla krav til nettdaksjonen om å bruka meir nynorsk på heimesidene. Dei arbeider med å laga ein plan for å auka bruken av nynorsk i etaten, og denne planen vil også omtala korleis reglane i mållova skal nå ut til og praktiserast av saksbehandlarane i organisasjonen.

## 3.5 Norskopplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar

Noregs Mållag skal arbeida for å sikra retten til nynorske læremiddel og opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar. Norskopplæring for vaksne innvandrarar bør koma inn under opplæringslova, slik at ein får lovfest at undervisningsmateriellet som vert utvikla kjem på både målformer til lik tid og pris. I nynorskområde skal opplæringa vera på nynorsk. Noregs Mållag skal arbeida for at det vert skipa til kurs i nynorsk-didaktikk for lærarar.

I perioden har Noregs Mållag vorte kontakta av innvandrarar som etterlyser opplæring i nynorsk for vaksne innvandrarar. I perioden har også nynorsk-kommunar vedteke å gje opplæring i bokmål til vaksne innvandrarar, mellom anna i Lindås. Det blir oftast vist til den store skilnaden i tilfang på bokmål og nynorsk. All den tid norskopplæringa for vaksne innvandrarar ikkje kjem inn under opplæringslova, er det ikkje krav om parallelutgåver på alt tilfang.

Det har like fullt vore små framsteg i læremiddelstoda, men det er framleis langt att før nynorskkommunane kan tilby like godt tilfang i og på nynorsk som på bokmål. Det sterke nynorskmiljøet rundt Ulstein kompetansesenter har utvikla studieopplegg for vaksne innvandrarar som vil ta «Bergenstesten» på nynorsk. Testen er eit krav for innvandrarar som vil studera på høgskule eller universitet i Noreg eller treng dokumentasjon på norskkunnskapar på høgt nivå i samband med arbeid.

### **3.6 Bokbransjen**

Noregs Mållag sentralt skal arbeida for å sikra gode vekstvilkår for nynorsk litteratur i den nye bokavtalen. Noregs Mållag må òg sikra at det vert momsfriftak for norske e-bøker.

I januar inviterte Kulturdepartementet til høyring om to utgreiingar om litteratur- og språkpolitiske verke-middel i Noreg og Europa. Sentrale punkt i utgreiingane er innkjøpsordningane, bokavtalen (fastpris-ordninga), momsfriftaket, særlege støtteordningar og spørsmålet om boklov. Høyningsfristen er 16. april, og Mållaget vil levera høyringssvar i samarbeid med andre nærskyldne institusjonar.

### **3.7 Organisasjonar**

Noregs Mållag skal i perioden arbeida andsynes store organisasjonar som til dømes fagrørsla og idretten for å få inn nynorsk på vevsidene deira.

Styret byrja førebu dette arbeidet til styremøtet i januar 2012. Til det same møtet kom sidemålssaka og revisjonane av læreplanane i norsk for fullt i media, og arbeidet vart lagt til sides inntil vidare.

### **3.8 2013**

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret var skipa. Det må vera eit mål å nyttja jubileet til å fremja den norske målreisinga over heile landet, og å byggja organisasjonen mellom anna gjennom verving av nye medlemer. Noregs Mållag skal, i samarbeid med resten av organisasjonen, skipa til ein vandringsstafett med møte og kulturarrange-ment langs ruta til Ivar Aasen. Til dømes kan ein leggja til rette for lokale markeringar og minnesmerke på dei stadene Ivar Aasen vitja på samlarferdene sine, og samarbeida med skuleverk, kommunar og fylke på desse stadene. Slik kan vi få fram korleis målreisingsarbeidet gjeild heile Noreg.

Mållaget har arbeidd med rammene for vandrings-stafetten dette året. I fyrste omgang må vi få på plass stadene vi skal innom og kva dag besøket skal skje. I januar sende vi difor ut eit framlegg til turnéliste til alle lokal- og fylkeslag, med oppmoding om å ta opp saka på årsmøta. Den endelege reiselista blir fyrst klar når vi har fått alle tilbakemeldingane.

Det Norske Teatret sette før sommaren i fjor ned ei jubileumsnemnd, og Noregs Mållag vart invitert til å oppnemna ein person. Styret oppnemnde Janne Nygård som vår representant i denne nemnda.

### **3.9 2014**

I 2014 er det 200 år sidan Grunnlova vart skriven. Mål-reisinga var ein del av nasjonsbyggingsprosjektet, og det er difor viktig at mållaget får ei rolle i grunnlovsjubileet. Dette året skal landsmøtet vera på Eidsvoll.

Arbeidet med landsmøtet 2014 er ikkje starta enno.

### **NORMERING**

Landsmøtet i april 2011 vedtok ei fråsegn om at det offentlege i samband med innføring av ny nynorsk-norm også måtte sjå til at lærarar og offentleg tilsette fekk ei innføring i denne. Mållaget sende brev til Språkrådet i august der vi la fram vårt syn og våre tankar om kva som konkret bør gjerast.

### **STADNAMN**

I 2009 la stortingsrepresentantane Thommesen og Hallaråker fram eit forslag om at lov om stadnamn skal endrast slik at gjeldande rettskrivingsprinsipp ikkje skal omfatta skrivemåten av gards- eller bruksnamn. Stortinget sluttar seg til framlegget. Departementet kjem med framlegg til lovendring våren 2012, og saka vert då send ut på høyring. Noregs Mållag meiner at gardsnamn og slektsnamn er to forskjellige ting; gardsnamn er stadnamn og ei fellesjeige som gardbrukarane forvaltar, utan å eiga dei.

Noregs Mållag sentralt har ikkje hatt ressursar til å arbeida med stadnamnsaker i året som gjekk, men enkelte lokallag gjer eit godt arbeid på området. Styremedlem Aud Søyland snakka om stadnamn på årsmøtet til Toten dialekt- og mållag i 2011, og på skipingsmøtet til Hamar dialekt- og mållag i 2012.

# Samskipnaden

## 4.0 Organisasjonsarbeid

Det viktigaste målet for organisasjonsarbeidet er å utvikla gode lagsfolk og rekruttera fleire nynorskbrukarar som aktive medlemer. Alle ledd i Noregs Mållag skal vidareutvikla ein god og inkluderande organisasjonskultur. Noregs Mållag stiller kvart år inntil 200 000 kroner til rådvelde til styrking av organisasjonen.

### Midlar til styrking av organisasjonen

I 2011 har styret løyvt pengar til desse tiltaka: Kvam Mållag 3300 til Littlarm, Festskrift til Rasmus Lølandmarkeringa 5 000 kroner, Mediemållaget 20 000 til Dei nynorske mediedagane, Juristmållaget 15 000 til skrive-seminar, FAU ved Slåtten skule 5 000 til lesegledeprosjekt og Sunnmøre Mållag 10 361 kroner til regionalt seminar for Møre og Romsdal.

Organisasjonsmidlane har elles gått til barnehagekampanjen og vervetiltak.

## 4.1 Noregs Mållag sentralt

Den viktigaste jobben til Noregs Mållag sentralt er å styrkja lokal- og fylkeslag. Kvart år skal Noregs Mållag tilby gratis kampanjetilfang og andre kampanjeaktivitetar til medlemslag.

Noregs Mållag har det siste året lagt vekt på barnehagekampanjen med tilbod om aktivitetar og materiell til laga. Kampanjen er oppsummert samla under punkt 2.1.1. Mange lag har hatt god aktivitet siste par åra, særleg med barnehagearbeid, og det gjev utslag i medlemstalet. Frå 2010 til 2011 har 96 av 163 lag auka medlemstalet. Talet er rekna ut frå lag som har over 10 medlemer og har levert årsmelding siste tre åra.

Noregs Mållag sentralt skal vitja alle fylkeslaga og minst 50 mållag kvart år i perioden.

I dette arbeidsåret har alle fylkeslag så nær som to fått vitjing frå sentrallekken. Vi har vitja om lag 25 lokallag i løpet av året. Dette er eit stykke frå målsetnaden om å vitja 50 lag. Vi har fått vitja alle lag som har spurt om besøk, så langt det har vore praktisk mogleg. Mange lokallag har ynskt besøk i samband med kampanjen Gjennom ord blir verda stor. Sjå reiselista for fullstendig oversyn.

I tillegg skal mållaget organisera tilbod om føredragshaldarar til lokallaga.

## FØREDRAGSTURNÉ

Fleire lokallag set pris på å få tilbod om føredragshaldarar som dei kan invitera til lokallaget sitt. Røynsla så langt er at det har vorte mykje arbeid for skrivarstova med organisering, utan at resultatet har stått i forhold til arbeidsmengd. Planen var å ha klart eit nytt tilbod om føredragshaldarar for våren 2011. Dette fekk vi ikkje til. Men i januar 2012 har det gått ut tilbod om føredrag om *Norsk Barneblad* med forfattar av historieboka om *Norsk Barneblad*, Eirik Helleve. Då er det lokallaga som tek direkte kontakt og avtalar med føredragshaldaren sjølv.

Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungsdom, og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira.

Norsk Målungsdom feira 50-årsjubileum i 2011, og gava frå Noregs Mållag var å betala for alle målferdene dei greidde gjennomføra i jubileumsåret. Sluttrekninga kom på oppunder 40 000 kroner, og det er ikkje få elevar NMU har vore innom for dei pengane. Den største hjelpane for NMU er den dei får frå lokallaga våre når dei er rundt i landet. Målfararane overnattar ofte heime hjå målfolk, og får skyss, mat og all tenkjeleg sørvis slik at turane blir så enkle og rimelege som råd.

I perioden skal alle nyvalde leiarar få tilbod om vitjing og skolering frå sentralleddet.

## SKOLERINGSSAMLING FOR FYLKESLEIARAR

I desember vart det laga eit eige dagseminar for nyvalde fylkesleiarar i Mållaget. Samlinga inneheld ei idelogisk innleiing, organisasjonsbygging, mediearbeid og ei praktisk innføring i korleis organisasjonen Noregs Mållag fungerer. Vi fekk gode tilbakemeldingar på denne skoleringsamlingen og vi vil invitera til ny samling etter at denne årsmøtevåren er over.

Nyvalde lokallagsleiarar har ikkje fått tilbod om skoleringsamling i året som gjekk.

Mållaget skal skipa til årlege haustseminar. Hovudmålgruppa for seminara skal vera lokallagsleiarar.

## HAUSTSEMINARET

Siste helga i oktober var det haustseminar på Lista. Det skjedde etter initiativ frå Vest-Agder Mållag og Lista Mållag. Vi samarbeidde med Mållaga på Agder, og skrivar for Mållaga på Agder, Borghild Løver, tok solid ansvar. Mållaga på Agder stod for dei kulturelle innslaga, medan Mållaget sette saman seminarprogrammet, marknadsførde seminaret og tok imot påmeldingane. Det var eit samansett og godt program med mange gode innleiingar. Kulturprogrammet inneheldt både busstur, føredrag om «Det amerikanske Listax», solid festmiddagsunderhaldning og dans. Inkludert styret, skrivarstova, innleiarar og deltakarar var vi til saman om lag 90 deltakarar, og hovudtyngda av desse kom frå Agder.

Noregs Mållag sentralt skal systematisera arbeidet med å samla inn og spreia gode døme på lokalt målarbeid.

Det er ikkje gjort systematisk arbeid her siste året. Men både *Norsk Tidend* og heimesidene tek opp saker med døme frå lokalt målarbeid.

Noregs Mållag skal samarbeida med fylkesmållaga om å organisera regionale samlingar der det er interesse for det som eit supplement til haustseminaret.

Noregs Mållag hadde eit godt samarbeid med mållaga på Agder om haustseminaret, og slik sett kan ein sei at dette seminaret hadde ein regional effekt. Noregs Mållag har teke kontakt med Sunnmøre Mållag, og fylkeslaget skal vurdera om dei ynskjer å laga til eit regionalt seminar der det blir invitert inn lag frå heile Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Utover dette er det drøfta regionale samlingar for det nye arbeidsåret, og desse er i ferd med å bli planlagde.

Noregs Mållag skal ha eit stabilt, høgt medlemstal. Vi vil auka verveopplæringa og redusera snittalderen i organisasjonen.

## VERVING OG VERVETILTAK

To av lagssendingane i 2011 har hatt vervning som eit viktig innhald. Vi har laga vervegirotekst til eit standard vervegirobrev som kan sendast til folk vi meiner bør verta medlemer i Noregs Mållag, i tillegg sende vi ut tilbod om at skrivarstova kan senda ut vervegiroar for lokallaga. Vi har ikkje laga vervekonkurranse, men vi har lova at dei tre beste vervelaga hausten 2011 skulle få det flotte trebandsverket Den nynorske barnebokskatten. Det er Stord Mållag som har hatt den aller sterkeste verveinnsatsen. Dei auka frå 137 betalande medlemer i 2010 til 170 medlemer i 2011. Vinnarane blir elles kunn gjorde på landsmøtet i april 2012.

Ut på hausten gjennomførte vi ein vervekampanje direkte retta mot tilsette i Samlaget og andre nynorsk-tiltak. I løpet av året har innmeldingsteneste på SMS vorte meir innarbeidd, og bruken har auka gjennom året. Fordelen med denne tenesta framfor mange andre vervemåtar, er at den som lèt seg verva, betaler medlemspengar med ein gong. Det er diverse kvart år slik at somme av dei som melder seg inn i organisasjonen, ikkje betaler medlemsgiroen når denne kjem.

Medlemstalet for 2011 er totalt 10 433 betalande medlemer, ein auke på 365 medlemer frå 2010. I 2011 har det meldt seg inn 986 nye betalande medlemer. I 2010 var tilsvarande tal 718 medlemer.

I løpet av året har vi brukt mykje tid på å rydda i medlemsregisteret og kontrollera adresser på returpost. Dette har vore eit viktig bidrag til at fleire har betalt medlemspengekravet. Eit døme på at ryddearbeid gjev godt resultat, er at vi har sjekka alle nye styremedlemer i lokallaga mot medlemsregisteret, og slik har vi fått ein god del nye medlemer.

Sjølv om det er god medlemstilgang siste året, er det vanleg at ein del medlemer forlèt organisasjonen. Nokre melder seg ut, andre lèt vera å betale, og nokre er avlidne. I det oppgjevne medlemstalet er det berre betalande medlemer som er rekna med.

Vi sender medlemskrav og to purringar kvart år. Det er elleve lokale lag med lokal innkrevjing og fire lag med lokal distribusjon, resten er inne i det sentrale systemet.

Den store tendensen i medlemsvekst er at han er jamt fordelt over heile landet, og det er bra for organisasjonen. Det er ekstra god auke i Austmannalaget, Hordaland, Sunnmøre, Troms og Finnmark, Østfold og i yrkesmållaga. Den massive medlemsauken i 2012 ser også ut til slå positivt inn for heile landet.

## LAG OG MEDLEMMER

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

Medlemmer	Endring	Tilgang
1997 10 826	-287	566
1998 10 825	+26	691
1999 11 046	+194	775
2000 11 001	-45	539
2001 10 883	-118	476
2002 10 588	-306	658
2003 10 329	-259	491
2004 10 141	-188	452
2005 10 162	+21	675
2006 10 167	+5	389
2007 10 323	+156	504
2008 10 251	-72	756
2009 10 125	-126	419
2010 10 068	-57	718
2011 10 433	+365	986

## NYE MEDLEMER PÅ NYÅRET I 2012

I kjølvatnet av utspelet frå kunnskapsministeren om at sidemålet kan få mindre plass i skulen, har det strøymt på med innmeldingar til Noregs Mållag. God draghjelp fekk vi også frå Oddny Miljeteig, gruppeleiar i Bergen SV, som byrja sin eigen vervekampanje på mobil og Facebook. Dette har vorte ei heilt spesiell mobilisering, som vi knapt finn parallellear til. Via nettsidene, SMS-vervning, e-post og telefonar har vi så langt i 2012 fått meir enn 1700 nye medlemer. Det kjem nye medlemer frå heile landet, men det er spesielt mange i Bergen og Oslo. Det er ei overvekt av kvinner som melder seg inn, og det kan også sjå ut til at dei nye medlemene dreg ned snittalderen i organisasjonen.

Noregs Mållag skal vidareutvikla www.nm.no, www.nynorskklasse.no, Norsk Tidend og det elektroniske nyhendebrevet Nytt om nynorsk slik at dei fungerer som inspirasjonskjelder for målarbeidet lokalt. Vurdera kva som finst av tenlege kommunikasjonsløysingar for å gje styrearbeid, dokumentutveksling, arkivering m.m. enklare på alle nivå i samskipnaden, og om dette eventuelt kan knytast saman med mållaget sine nettsider.

## PRESSE- OG INFORMASJONSARBEID

I det daglege arbeidet er styret oppteke av at Noregs Mållag skal vera ein del av den aktuelle samfunnsdebatten og ta tak i dei sakene som er viktige for Mållaget. I tillegg blir det jamleg drøft kva saker Mållaget vil ha fram, som gjerne ingen andre tek til orde for. I det daglege har leiar eit hovudansvar for pressearbeidet i styret, i samarbeid med nestleiar. Skrivarstova bidreg ofte med å skriva utkast til tekst, koma med framlegg til saker, i tillegg til å ringja til journalistar med framlegg om tips i konkrete saker. Det blir gjort eit ekstra arbeid i samband med landsmøte, haustseminar, utdeling av priser, reising til lokallag, og i samband med besøk knytte til barnehagekampanjen.

## PRESSEMELDINGAR FRÅ STYRET

Dette er eit oversyn over pressemeldingar sende til «heile» Presse-Noreg:

- 30.3.11, SV med viktig vedtak om læremiddel for vaksne innvandrarar
- 5.4.11, Mållagslandsmøte med offensiv for norskfaget
- 8.4.11, Nynorsk barnelitteratur til Vegard Markhus
- 8.4.11, Nynorsk litteraturpris til Jan Roar Leikvoll
- 10.4.11, Målprisen til Yngvar Andersen
- 10.4.11, Noregs Mållag vil ha meir nynorsk i førskule-lærarutdanninga
- 10.4.11, Noregs Mållag krev satsing på norskfaget
- 10.4.11, Øvregård attvald til leiar i Noregs Mållag
- 15.4.11, Stipend til Paleologos og Øyre
- 10.5.11, Høgre til angrep på nynorsk som nasjonalspråk
- 5.9.11, – Skulane bør returnere materiell som berre kjem på bokmål
- 6.10.11, Kulturdepartementet held fram satsinga på språk generelt og nynorsk spesielt
- 30.10.11, Vellukka nynorsk polferd
- 10.12.11, Nynorskpris til Ægir bryggeri
- 19.1.12, Tine sel mjølk på feil språk
- 24.1.12, Svekking av sidemålsopplæringa er svekking av norskfaget
- 29.1.12, Mållaget veks med 400
- 9.12.12, Kunnskapsdepartementet i riktig retning, men framleis uklar om sidemål
- 13.2.12, 1200 nye medlemer i Noregs Mållag
- 17.2.12, Nynorsksiger i Oslo
- 5.3.12. 1700 ny medlemer til Mållaget



PÅ STAND Ørsta Mållag med flott stand i Ørsta sentrum. Fra høgre: Roger Nedreklepp, Iselin Nevstad Øvreliid og Terje Kjøde. (Foto: Hege Lothe)

### LESARINNLEGG TIL MANGE AVISER

- 10.5.11, Ikkje lat Høgre svekkje nynorsken, 10.05.11.
- 23.11.11, Nynorsk, ja takk!, 23.11.11.
- 20.12.11, Nynorsk til alle førsteklassingar, 20.12.11.

### DEBATTINNLEGG I ENKELTAVISER

Dette er ei oversikt over debattinnlegg som har vorte sende til enkelte aviser, ofte knytte til pågåande debattar og utspel.

- Integrering, innvandrarar og nynorsk, av Håvard B. Øvregård, april, seks aviser som svar til Bjørn Kristian Ørbæk.
- Vil Høgre avskaffe språkleg jamstelling? av Aud Søyland, 10.5.12, Aftenposten, Hallingdølen og avis Valdres
- Målet er målet, Jens Kihl, 20.5.11, Dag og Tid
- Gratulerer som trespråkleg kommune!, Håvard B. Øvregård, 17.1.12, Nordlys og andre
- Shakespeare viktigare enn Aasen i norskfaget? av Aud Søyland, 27.1.12. Valdres, Hallingdølen, Gjesdalbuen, Bergens Tidende

### PRESSEOPPSLAG

Dette er eit utval av saker der Noregs Mållag har vore sentral i saka. Lista er sett opp med dato, overskrift

eller eventuelt stikkord om saka, kven i Noregs Mållag som vart intervjuet, kvar saka har vore på trykk, og når.

- - Nynorsk er best for barna, Nynorskklasse på Byåsen. Håvard B. Øvregård, Adresseavisen, 17.2.11.
- Språkleg medvit, om målbytte-rapport, Hege Lothe, Sogn Avis, 9.3.11.
- Enorm betydning for språket, ros til Hellbillies, Øvregård, NRK Buskerud, 25.3.11.
- Høyre vil fjerne skriftlig nynorsk i ungdomskolen, NTB-melding, 8.5.11.
- Høyre får nynorsk-kjeft, Håvard B. Øvregård intervju, 8.5.11, TV2
- Oppgitt over Høgres nynorskangrep, Øvregård, 10.5.11, Nationen
- Mållaget krev at Jesus snakkar nynorsk, om overrekking av opprop til Kyrkjerådet, Øvregård og Hjetland, NPK, 9.6.11.
- 97 sokneråd krev trusopplæring, utspel med Øvregård og Hjetland, Vårt Land, 10.5.11.
- Holder til en femmer, Gro M. Endresen vurderer ein tekst NYNO-data har omsett, Aftenposten, 16.6.11.
- Vil ha nynorsk i barnehagen, med Håvard B. Øvregård i Oppsaltunet barnehage i Oslo, Aftenposten, 18.6.11.

- Utgått på dato – nynorskopprøret brer seg, fylkestinget i Sør-Trøndelag har vedteke at dei vil søkje pengar til eit prosjekt med berre ein karakter i norskfaget, Aftenposten, 23.6.11.
  - Distriktsbarometer: Sidemålsdebatt deler landet, Håvard B. Øvregård, Nationen, 29.7.11.
  - Skåbyggingane vil ha nynorsk, Dølen, 22.08.11.
  - – Nynorsk gir bedre resultater, Øvregård, Harstad Tidende, 27.8.11.
  - Bistandsorganisasjon banar veg for nynorsk, Øvre-gård, NPK, 02.9.11.
  - – Bruker for lite nynorsk, Øvregård og Strand Mållag, Strandbuen, 14.10.11.
  - Innslag og oppslag på NRK Hedmark og Oppland, om barnehagebesøk på Toten med Øvregård og Toten dialekt- og mållag, 20.10.11.
  - Driv verdas største nynorskblogg, om Mariell Øyre, og hennar blogg og at ho har fått stipend frå Mållaget, NPK og diverse aviser, 25.10.11.
  - No kan du handle vin på nynorsk, oppslag på NRK Sogn og Fjordane, intervju på radioen med Øvre-gård, 30.10.11.
  - Nynorsk vin på Vinmonopol, Lothe på NRK Vestlandsrevyen og Norge i dag, 31.10.11.
  - Raudvin i hyllene, notis i VG på nynorsk (sic!).
- 5.11.11.
- Bevisstgjøring og stolthet skal redde nynorsken, innslag og oppslag på NRK Hedmark og Oppland, med Øvregård og Valdres Mållag, 15.11.11.
  - Lokalt bryggjeri får næringslivspris for god bruk av nynorsk, NRK Sogn og Fjordane, 11.12.11.
  - Kommunane droppar nynorsk, Øvregård, NRK Møre og Romsdal, 13.1.12.
  - Deler ut stipend til nynorskbrukarar, NPK, 13.1.12.
  - Mållaget går til kamp mot bokmålsmjølk, NPK, 19.1.12
    - Kjemper for nynorsken, Øvregård, Dagsavisen, 24.1.12
    - Halvorsen vurderer mindre satsing på nynorsk, Øvregård, NTB, 24.1.12 (i mange aviser!)
    - SV-Kristin vurderer sidemål-kutt, NRK, 24.1.12
    - – Eg har fått mange siste telefonar, Øvregård, ABC Nyheter, 24.1.12
    - Hjeltnes rasar mot sidemål-kutt: – Språket blir som ein ferdigpizza, NRK, 24.1.12
    - Reaksjoner mot nynorsk-forslag, Øvregård, Dagsavisen, 24.1.12
      - Målfolk vil slåst for sidemålskarakteren, Øvregård, NPK, 24.1.12
        - Intervju på NRK Dagsrevyen, Øvregård, 24.01.
        - Debatt på NRK2 Aktuelt, Nygård, 24.01.
        - Elevar kan få bonus for nynorsk – SV og nynorsk, Øvregård, BT / VG, 25.1.12
          - Nynorsken er en pest og en plage, Øvregård, Aftenposten, 25.1.12

- Kristin Halvorsen vil svekkja nynorsken, Øvre-gård, Klassekampen, 25.1.12
- Fleire medlemmer i Mållaget etter nynorskbråk, Morken, NPK, 26.1.12
- Medlemsrush til Noregs Mållag, Øvregård, VG Nett, 26.1.12
- Medlemsrush til Noregs Mållag, Øvregård, P4, 26.1.12
- Mjølka frå Vestlandet er blitt til Melk fra Vestlandet, NRK Sogn og Fjordane, 26.01.
- Lomheim: – Bra å ta bort sidemålskarakteren, NPK, 27.1.12
- Melder seg inn i mållaget, Endresen, avis Valdres, 27.1.12
- Rekordmange innmeldingar i Mållaget, Øvregård, NRK Sogn og Fjordane, 27.1.12
- Medlemmene strømmer til Noregs Mållag, NTB, 28.1.12
- Nynorsken får massiv støtte, Bergens Tidende, 28.1.12
- Vervet 222 nye medlemmer til mållaget i protest mot SV-leder, NRK Hordaland, 2.2.12
- Møter motstand blant sine egne. SV-topp vervet over 200 medlemer, VG, 3.2.12
- 800 nye medlemmer til Noregs Mållag, Trønderavis, 6.2.12
- Vil ha samisk framfor nynorsk, Øvregård, NRK Sami radio, 6.2.12
- Å svimlande du, Oddny har verva 333 medlemer, Bergensavisen, 11.2.12
- Mållaget har fått 1200 nye medlemer, Øvregård, Nationen, NRK Sogn og Fjordane, 13.2.12
- Strømmer til Mållaget, Endresen, Dagens Næringsliv, 15.2.12
- Alle elskar NY-hua, Bergens Tidende, 15.2.12
- Vil ha mange røster, Endresen, Nationen, 17.2.12

## NYTT OM NYNORSK – LAGSSENDING

Vi har vidareført ordninga med nyhendebrevet Nytt om nynorsk på e-post. I 2011 kom det ut ti utgåver. Det er i dag om lag 1300 som står på mottakarlista. Dette er ein kraftig auke sidan i fjor, då det stod godt og vel 400 på mottakarlista. Utgjevingsplanen skal vera om lag kvar 3. veke i dei aktive periodane i året. I juni endra vi den grafiske profilen på nyhendebrevet, og det er no i same bladbunad som nettsidene våre. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på. Hovudinnhaldet er nytt frå organisasjonsarbeidet i Mållaget, presseutspel frå oss, nynorskksaker i media og informasjon om gode nettsider på eller om nynorsk. Mottakarane er medlemmer, kontaktpersonar og lokallag som har takka ja til å ta imot nyhendebrevet. Vi arbeider med å systematisera arbeidet med å få fleire mottakarar. Vi vil mellom anna leggja til alle som er tillitsvalde i Mållaget, som mottakarar. Nytt om nynorsk er eit ope nyhendebrev, og på

nettsida [www.nm.no](http://www.nm.no) kan alle som ynskjer det, meld seg på nyhendebriefet.

Det er sendt ut ni lagssendingar på papir i arbeidsåret. Lagssendingane rettar seg inn mot drifta i lokallaga, til dømes årsmeldingsskjema, informasjon om landsmøtet og haustseminaret, om barnehagekampanjen, verving og anna organisasjonsarbeid.

## HEIMESIDENE

Adressa til nettsidene til Noregs Mållag er [www.nm.no](http://www.nm.no). Vi har også tinga adressene: [noregsmallag.no](http://noregsmallag.no) og [noregs-mållag.no](http://noregs-mållag.no), som også fører til same heimeside. Desse sidene skal både vera ein utoverretta nyhendedeportal og ein intern organisasjonsportal. Nettsidene skal vera ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg, og for dei som tilfeldigvis er innom. Det blir jamt arbeidd med å utvikla sidene både i struktur og innhald. Sidene blir oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyriksfråsegner og andre aktuelle tekstar.

Det vart publisert 145 nyhendesaker og om lag 150 kalenderoppsslag i 2011. I tillegg kjem oppdatering av eksisterande informasjon på nettsidene, kampanjesider, nyttig informasjon for lokallaga, målpolitiske saker eller nye saksfelt. Det er peika på at heimesidene må bli endå betre til å gje god og nyttig informasjon til lokallaga. Med jamne mellomrom ser me at media plukkar opp saker henta frå våre nettsider. Nettsidene ser dimed ut til å fungera som ein nyttig informasjonskanal til og frå Noregs Mållag. I 2011 var det om lag 18 000 brukarar som var innom nettsidene i løpet av året. Det daglege brukartalet svingar frå om lag 100 til 150, med dagar både over og under desse brukartala.

## NORSK TIDEND

*Norsk Tidend* er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa blir send ut til medlemene i Noregs Mållag, Norsk Målungdom og til tingarar av avisa. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 140 sider. Kjartan Helleve var redaktør i 2011.

Medlemsavisa skal fylgja med på utviklinga av nynorsk og språkutviklinga i Noreg, og gje informasjon til medlemene, og skal rapportera om arbeidet laget gjer. Det har vore nokre faste skribentar: Tarjei Vågstøl/Kringkastingsringen, Janne Nygård/leiar i NMU og Håvard B. Øvreåsgård/leiar i Noregs Mållag. Avisa har i tillegg knytt til seg Erlend Skjetne og Knut P. Bøyum som spaltistar. Laurits Killingbergrø lagar kryssordet, og Einar Søreide lagar kryssorda for born. Bladet blir sett av Språksmia og trykt hjå Nri Trykk.

Skrivarstova skriv mykje av det redaksjonelle innhaldet i avis, men hentar også ein del stoff frå Nynorsk pressekontor. Nokre lokallag er flinke til å gje melding om tilskipingar og prisutdelingar. Det kunne likevel ha vore meir stoff om praktisk målarbeid på lokalt plan.

I kvart nummer av *Norsk Tidend* blir det sendt med gåvegiro eller loddgiro. Dette er ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag. Gjevarane blir takka med namn på eigne gåvesider i avis.

## NETTSIDER

[Nynorskklassen.no](http://Nynorskklassen.no) er ei informasjonsnettside som er laga av Noregs Mållag, men som har ein sjølvstendig profil. Desse sidene skal gje nyttig informasjon til forldre og andre som vurderer å få borna sine i nynorskklasse, om kva rettar som finst i lovverket.

[Malstreken.no](http://Malstreken.no) er nettstaden til Målstrekk-prosjektet i Valdres. Målstreken er eit treårig pilotprosjekt i regi av Valdres Mållag og Noregs Mållag. Prosjektet starta i 2009. Målet for prosjektet er å motivera fleire ungdomar i Valdres til å halda på nynorsk som hovudmål.



**LANDSMØTE** Røysting under landsmøtet i Suldal. Håvard B. Øvregård, Jens Kihl og Aud Søyland er i alle fall samde. (Foto: Hege Lothe)

Prosjektleiar Karen Marie Kvåle Garthus oppdaterer sidene.

I samband med barnehagekampanjen laga Mållaget også ei eiga underside for dette arbeidet: nm.no/barnehage Her kan finna informasjon om kampanjen og mykje av det produserte tilfanget til nedlasting.

Samla sett er det om lag 55 lag som har eigne heimesider. Av desse er det 17 lag som har fått heimeside ved hjelp av sentrallekken sitt publiseringstverktøy cms.zetta.no. Laga betaler 400 kroner for etableringa, og får eige brukarnavn og passord. Dei får ein brukarmanual og tilbod om opplæring via telefon, deretter er det opp til laget å oppdatera si eiga nettside. I den komande arbeidsperioden bør vi vurdera om dette er eit godt nok tilbod til laga.

#### SOSIALE MEDIUM

I mai 2010 kom Noregs Mållag seg på Twitter. På dagen 125 år etter jamstellingsvedtaket i Stortinget fekk vi eigen twitter-konto. Namnet vårt er @noregsmallag. Vi har i overkant av 820 fylgjarar, og sender ut meldingar med noko ujamne mellomrom. Spesielt i siste sidemålsstriden har vi brukt Twitter aktivt.

Organisasjonen skal arbeida for at skrivarstova skal koma i eige hus.

Mållaget har lenge vore på utkikk etter eit kontorlokale i Oslo som er høveleg stort, og som vi har råd til å kjøpa. Vi trudde ei tid at det skulle bli ei opning for å kjøpa oss inn i BLS-garden i Nordahl Bruns gate 22. På hausten var det klart at dei ville velja ei anna løysing for dei nærmaste åra. I vinter har vi vorte sagde opp i kontorlokala vi leiger i dag, og vi må flytta innan 30. juni 2012. Dermed tyder alt på at vi må gå inn i eit nytt leigeforhold før vi eventuelt i neste omgang kan få kjøpt oss noko.

#### LANDSMØTET

Sand i Suldal var vertskap for landsmøtet, og møtet vart halde helga 8.–10. april. Rasmus Løland-markeringa hadde tidleg søkt Mållaget om å leggja landsmøtet dit fordi det var siste året i markeringa deira (2007–2011). Bygda og lokallaget fekk laga til ei flott kulturell ramme rundt landsmøtet, og deltakarane fekk oppleva eit smakfullt og variert utval av det Suldal har å by på.

Den nye rettskrivinga i nynorsk var den saka som fekk flest utsendingar i tale, og eit fleirtal av utsendin-

gane sytte for at saka fekk utvida rammene for diskusjon. Også nytt treårig arbeidsprogram vekte stort engasjement blant deltakarane. Utfordringar for barnehagane og for norskfaget var emna som elles prega ordskifta, og mellom anna leiartalen la vekt på barnehagarbeidet. Landsmøtet vedtok fire fråsegner, om lyft for sidemålsopplæringa, etterutdanning i samband med ny nynorskrettskriving, skriftkulturen i kommunane og undervisningsmateriell på nynorsk.

Det møtte 122 utsendingar attåt styret, og samla var det 129 med røysterett på møtet. I tillegg var det 17 registrerte gjester og observatørar. 47 av utsendingane hadde ordet i ordskifta, attåt styremedlemer, gjester og innleiarar. Laga i Rogaland var sterkt representerte på landsmøtet, truleg eit teikn på at det er ekstra kjekt og lettvint å reisa på tilskipingar i sitt eige nærområde.

Målprisen for 2011 gjekk til Yngvar Andersen, som dverre ikkje kunne vera til stades på landsmøtet. Han fekk prisen for at han marknadsfører nynorsken på ein svært god måte gjennom treningsentera sine i osloområdet, der han bruker nynorsk gjennomført, og for den tydelege og medvitne språkbruken i NRK-programmet Puls.

Jan Roar Leikvoll fekk nynorsk litteraturpris for romanen *Fiolinane*, og nynorsk barnelitteraturpris gjekk til Vegard Markhus for biletboka *Timothy mister seg sjølv*.

### MEDIEDEKNING PÅ LANDSMØTET

Pressedeckninga av landsmøtet i Suldal var verken brei eller tung. Det var frå styret si side eit ynske om at det ikkje skulle vera eit «normeringsbråklandsmøte», og det fekk vi til. Lokalt fekk vi radiointervju i NRK Rogaland, og eit lite oppslag i *Haugesunds Avis* før og etter landsmøtet, oppslag i *Suldalsposten*, og nokre notisar i *Stavanger Aftenblad*. Det var også NTB-melding på attval av Øvregård, målpris til Yngvar Andersen og litteraturpris til Leikvoll, og det gjev bra med notisar rundt omkring. Litteraturprisvinnane fekk oppslag i fleire lokalavisar og intervju i *Bergens Tidende*.

På førehand hadde styret blinka ut norskfagsfråsegnar som den viktige fråsegnar frå landsmøtet. Den fekk vi også nokre oppslag på, i tillegg til meir generelle oppslag om krav til forskulelærarutdanninga og språkmangfold. Lokalavisoppslaget fekk fleire oppslag og fine oppslag med bilete av lokale målfolk. Og det stadfestar noko vi veit: dette arbeidet gjev resultat.

### ANDRE VIKTIGE HENDINGAR

Dei to viktigaste hendingane for pressearbeidet til Noregs Mållag dette arbeidsåret er at Høgre vedtok ei skulefråsregn på landsmøtet i mai 2011 om at dei vil gjeira sidemålsordninga valfri også i ungdomsskulen. Den andre store hendinga var då Kristin Halvorsen gjekk ut den 24. januar 2012 og opna for å tona ned sidemålsundervisinga. Spesielt den siste hendinga

utløyste mykje pressearbeid, langt utover det å senda ut ei pressemelding. Det er då viktig å gjera eit godt arbeidd knytt til å få fram andre kjelder enn Noregs Mållag, snakka med journalistar, skriva lesarinnlegg og så bortetter. Dei tillitsvalde har sjølv sagt vorte kontakta langt meir enn vanleg for å delta i debattar og få intervju.

### MATERIELLPRODUKSJON

Alt materiellet til Gjennom ord blir verda stor-kampanjen vart trykt i nytt opplag i mai 2011. Lesetipsheftet «God lesestart!» vart oppdatert før det vart trykt i nytt opplag. I vår vart det laga fleire små vervekort som var klare til landsmøtet. Det har vorte laga t-skjorter til både born og vaksne med slagordet «Gjennom ord blir verda stor», i tillegg til ein eigen tipsplakat som kan henga på oppslagstavlene i barnehagane. Det har vorte laga eit nytt verveflygeblad med giro som vart klart hausten 2011 med slagordet «Gjennom ord blir verda stor». Til valkampen vart det laga eit flygeblad (kopioriginal) med fem gode grunnar for sidemålsopplæring. Det har også vorte laga ein eigen vervegiro til verving av tilsette i føretak som arbeider for eller med nynorsk.

#### 4.2 Fylkeslaga

Fylkeslaga i Noregs Mållag skal vera eit bindeledd mellom sentral- og lokalleddet, i tillegg til å driva målarbeid på regionalt nivå. I denne perioden skal fylkeslaga særleg prioritera barnehage- og skolemålsarbeid. Fylkeslaga skal samordne det lokale målarbeidet og inspirera lokale målfolk, mellom anna ved å skipa til seminar og samlingar. Kvart fylkeslag skal fylgja opp landsfemnande kampanjar, med mål om at flest mogleg lokallag tek del i dei. I tillegg bør fylkeslaga vurdera kvar det er høve for å starta nye lag, og samarbeida med nabokallalla og Noregs Mållag sentralt om lagsskiping.

#### 4.3 Lokallaga

Dei lokale mållaga er grunnfjellet i Noregs Mållag. Difor må alt organisasjonsarbeid ha som utgangspunkt å styrkja lokallaga. I perioden skal mållaga gje barnehage- og skolemålsarbeid høg prioritet. Lokallaga skal verva medlemer og gjera målsaka synleg i lokalmiljøet. Dette kan skje gjennom møte og tilskipingar, bøker og skrift, dialekt- og kulturarbeid eller på andre måtar. Mållaga bør samarbeida med lokale målungdomslag der det finst slike, og hjelpe NMU med å skipa slike lag på stader der det ikkje finst. Det er eit mål at flest mogleg lokallag samarbeider med andre og nye organisasjonar, til dømes kor, idrettslag og næringslag. Mållaga bør spreia røynslene med slikt arbeid slik at laga kan læra av kvarandre. Mållaga skal halda årsmøte og senda inn årsmelding kvart år.



**HAUSTSEMINARET** Tom Arnt Lindeland (Kvinlog) og Kristian Ekre (Skåbu) vitja haustseminaret på Lista og fortalte om korleis ein kan arbeida med skulemålsrøystringar. Og vinna. (Foto: Hege Lothe)

#### 4.4 Yrkesmållaga

Arbeidsoppgåvene i programmet høver i varierande grad for yrkesmållaga, som må gripa fatt i dei oppgåvene i programmet som dei ser er viktige på sine område. Det er viktig at yrkesmållaga lagar eit miljø for målarbeid innanfor sine yrkesgrupper. Yrkesmållaga har eit ansvar for å gi Noregs Mållag sentralt innspel om stoda og utfordringar på deira fagområde.

I 2011 leverer laga inn årsmelding for 2010. For 2010 vart det levert 127 årsmeldingar frå lokallag og yrkesmållag, mot 121 for 2009. Dette er ein auke på seks frå året før, men framleis lågare enn dei 134 årsmeldingane vi fekk for 2008. Vi fekk inn årsmelding frå 14 fylkesmållag mot 16 året før, ein nedgang på to. For dei siste tre åra sett under eitt er det 159 ulike lokal- og yrkesmållag og 17 fylkesmållag som har levert årsmelding. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengane dei har til gode fordi dei ikkje har sendt inn årsmelding. Vi har lagt vekt på å驱meir aktiv påminning om årsmel-

dingsskjema til laga i år. Fleire har etterspurt ein revisjon av årsmeldingsskjemaet vårt, og dette vart gjort no ved årsskiftet. Vi vonar at ein effekt er at fleire lag fyller ut og sender inn skjemaet. Åtte av laga våre er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

I år har det vorte stifta heile fire nye lokallag i Noregs Mållag. Den 24. mars vart Kvås Mållag i Vest-Agder Mållag skipa. Laget har fått 15 betalande medlemmer i løpet av året. 27. september vart Haram Mållag i Haram kommune på Sunnmøre stifta. Laget vart godt hjelpt fram av Terje Kjøde og Sunnmøre Mållag. På Hamar har det vorte arbeidd med oppattskiping av laget gjennom hausten. Der har det ikkje vore noko aktivt lag dei siste fem–ti åra, og laget vart no oppattskipa som Hamar dialekt- og mållag (skipa 14. februar 2012). Det siste laget heiter Bakkenteigen Mållag ved Høgskolen i Vestfold (skipa 28. februar 2012), med lokalisering utanfor Horten. Laget er ei nyskaping med både tilsette og studentar. Sidan lista over dei som har sagt dei vil verta medlemer ikkje var klar før i slutten av desember, ikkje dei nye medlemene registrerte før i 2012. I løpet av året har Leksvik Mållag i Trønderlaget vorte lagt ned. Laget hadde 20 medlemer, og desse har fått brev med tilbod om å stå som direktemedlemer



**KRINGKASTINGSPRISEN** Morten Sandøy fekk Kringkastingsprisen for arbeidet som ankermann og programleiar i TV2. (Foto: Kjartan Helleve)

i Trønderlaget. Vi ser at det burde gjennomførast eit større ryddearbeid knytt til formelt å få lagt ned lag som ikkje har vore i aktivitet på mange år.

#### 4.5 Nærskylde tiltak

Arbeidet mellom Noregs Mållag og dei nærskylde tiltaka må koordinerast betre. Dei tillitsvalde som representerer Noregs Mållag i desse organisasjonane, må som hovudregel rapportera til organisasjonen kvart år, og denne rapporteringa må koma fram i årsmeldinga.

I år har vi henta inn rapportar frå dei nærskylde på same måten som vi har gjort før. Dei har skrive ein liten tekst om seg sjølv, og denne teksten er ikkje ein del av årsmeldinga frå styret, men eit vedlegg meint som informasjon om organisasjonen/institusjonen. Vi har hatt god kontakt med dei fleste av dei vi oppnemner til andre styre og utval, og vi vil arbeida med å finna ei god form på å spegla arbeidet deira i årsmeldinga frå og med neste år.

## Lag og medlemstal

Lagsnr.	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	ENDRING	
0100 AUSTMANNALAGET	413	411	408	399	398	412	399	396	447	51	13 %
0101 Alvdal og Tynset Mållag	14	13	15	28	29	30	27	25	25	0	0 %
0102 Hadeland Mållag	18	16	19	17	20	24	25	22	22	0	0 %
0103 Elverum Mållag*	16	17	16	14	13	13	13	11	12	1	9 %
0104 Follo Mållag	33	31	31	33	33	32	34	34	36	2	6 %
0105 Lillehammer Mållag	39	35	36	37	40	37	36	41	40	-1	-2 %
0106 Gjøvik og omland Mållag*	4	3	4	4	3	4	5	3	1	-2	-67 %
0107 Hamar Mållag (skipa opp att okt. 2011)	41	39	35	32	32	34	30	32	35	3	9 %
0108 Mållaget «Ivar Kleiven»	42	40	39	40	36	52	51	57	79	22	39 %
0110 Nord-Fron Mållag	55	64	59	57	54	52	52	43	45	2	5 %
0111 Ringebu Mållag*	12	11	10	7	8	6	5	5	6	1	20 %
0112 Gausdal Dialekt- og Mållag	41	45	44	41	43	39	33	31	36	5	16 %
0113 Skjåk Mållag*	8	8	6	6	5	6	6	11	10	-1	-9 %
Grethe Lerum  
Trond Høiås  
Nina Refseth  
Berit Rekve

#### **SKULEMÅLSNEMNDA**

Terje Kjøde  
Åse Wetås  
Nils Ulvund  
Tom Arnt Lindeland  
Maria Svendsen (NMU)

## Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

DATO	STAD	TILSKIPING	REPRESENTANT
05.03.	Oslo	Årsmøte i Mediemållaget	Øvregård
01.04.	Oslo	Forum for nynorsk i opplæringa	Øvregård, Endresen, Arnøy
03.04.	Halsa	Folkemøte om skulemålsrøysting	Arnøy
06.04.	Lillehammer	Nynorskkonferansen 2011 (Nynorsksenteret)	Øvregård
27.04.	Oslo	Utdeling av kringkastingsprisen	Endresen, Helleve og Østvedt
28.04.	Oslo	Møte med NRK Super	Endresen
28.04.	Oslo	Årsmøte Samlaget	Kihl
28.–29.04.	Suldal	Landsting Landssamanslutninga av nynorskkommunar	Øvregård
03.05.	Oslo	Nynorskkurs Blindern	Arnøy
04.05.	Oslo	Styremøte Lærarmållaget	Øvregård
05.05.	Oslo	Debattmøte «Kva skal vi med NRK?»	Øvregård
12.05.	Oslo	Årsmøte Juristmållaget	Øvregård
13.05.	Sandefjord	Møte med norskseksjonen Sandefjord vgs, klassebesøk og Kodal ungdomslag (språkpøbb)	Øvregård
16.05..	Volda	Møte med Nynorsk kultursentrums	Øvregård
16.05.	Volda	Møte med Nynorsksenteret	Øvregård
16.05.	Volda	Møte med NorDubb	Øvregård
17.05.	Nordfjordeid	17. mai-tale	Øvregård
19.05.	Skien	Generalforsamling	Endresen
20.05.	Oslo	Sidemålmøte	Øvregård, Søyland, Nygård, Endresen
25.05.	Gardermoen	Fagrådmøte Nynorsksenteret	Øvregård
27.05.	Hamar	Speaker's corner: Valgfritt sidemål i skolen	Øvregård
30.–31.05.	Trondheim	Dør-til-dør-arbeid saman med Nidaros Mållag	Arnøy
06.06.	Telefon	Generalforsamling Longvafondet	Endresen
09.06.	Volda	Møte med NorDubb	Øvregård
09.06.	Oslo	Kyrkjerådet, overlevering opprop for nynorsk trusopplæring	Øvregård, Hjetland
09.06.	Oslo	Nynorsk forum i møte med statssekretær i Kulturdep.	Øvregård
14.06.	Oslo	Debattmøte Vikværingen om mål og makt	Øvregård
15.06.	Oslo	Barnehagebesøk i Oppsal barnehage	Øvregård
15.06.	Stavanger	Styremøte i Rogaland Mållag	Øvregård
20.06.	Sogndal	Møte mellom Målstreken og Høgskulen i Sogn og Fjordane	Søyland, Garthus
23.–26.06.	Ørsta/Volda	Dei nynorske festspela	Øvregård, Søyland, Kihl, Kjøde, Endresen, Lothe
23.06.	Ørsta	Nynorsk forum	Øvregård, Endresen
24.06.	Hovdebygda	Møte mellom Samlaget, Blåmann barnebokklubb og Mållaget om nynorsk barnelitteratur	Kihl, Endresen, Lothe
06.07.	Oslo	Innleining for sommarskulestudentar	Øvregård
07.–10.07.	Vinstra	Sommarleiar Norsk Målungdom	Øvregård, Kihl, Lothe, Garthus
26.07.	Ål	Gravferd Arne Sigurd Haugen	Søyland
03.08.	Oslo	Norsk Målungdom 50 år	Lothe
26.08.	Oslo	Dagsseminar om samarbeid om nynorsk barnelitteratur	Kihl, Endresen, Lothe, Østvedt
27.08.	Sandvika	Byfest og appell i regi av Bærum Mållag	Øvregård



**MÅLPRIS** Professor dr. juris Ola Mestad (t.h.) fekk Målprisen frå Juristmållaget. Her saman med styremedlemene Gunnar O. Hæreid, Ingvild Skeie og Tonje Hovde Skjelbostad frå Juristmållaget. (Foto: Juristmållaget)

DATO	STAD	TILSKIPING	REPRESENTANT
29.08.	Vestre Slidre	Styremøte i Valdres Mållag	Søyland
29.08.	Hamar	Speaker's corner: Fleirspråk eller einfald	Øvregård
29.08.	Ørsta	Møte med barnehagestyrarane og Ørsta kommune	Kjøde
01.09.	Oslo	Møte med Utdanningsforbundet	Øvregård, Nygård, Arnøy
02.09.	Jølster	100-årsjubileum for nynorsk i skulen i Jølster	Øvregård
05.09.	Oslo	Møte med kringkastingssjefen	Øvregård, Endresen
12.09.	Bærum	Møte med Bærum Mållag om den europeiske språkdagen	Øvregård
20.09.	Sande	Besøk hjå Gjerdsika bhg saman med Marie Lovise Widnes	Kjøde
21.09.	Gardermoen	Møte i fagrådet for Nynorsksenteret	Øvregård
21.09.	Oslo	Innleiing for Litteraturselskapet Samlaget og Samlaget om nynorsk i skulen	Øvregård
21.09.	Oslo	Styremøte Oslo Mållag	Øvregård
24.09.	Brattvågen	Skipingsmøte for Haram Mållag	Kjøde
26.09.	Bærum	Den europeiske språkdagen, seminar	Øvregård
26.-27.09.	Sandane	Innleiing for elevar ved Firda vgs om målbytegranskinga	Lothe
28.09.	Bergen	Møte med Ingeborg Mjør, leiar for nasjonal faggruppe for språk, tekst og matematikk i arbeidet med ny rammeplan for førskulelærarutdanninga	Øvregård
28.09.	Sande	Møte med barnehageansvarleg i kommunen	Kjøde
28.09.	Bergen	Paneldebatt Studentersamfunnet i Bergen, «Knoter du?»	Øvregård
30.09.	Volda	Møte med Nynorsksenteret og Volda kommune om barnehagearbeidet	Kjøde, Lothe
06.10.	Oslo	Målbar i regi av Oslo Mållag, Jens Kihl innleidde.	Kihl, Søyland, Endresen



**NÆRINGSLIVSPRIS** Aud Melås og Evan Lewis i Ægir då dei fekk Næringslivsprisen under ei markering på Håndverkeren i Oslo. (Foto: Kjartan Helleve)

DATO	STAD	TILSKIPING	REPRESENTANT
10.10.	Oslo	Høyring om stortingsmeldinga «Mestring – motivasjon – muligheter», ungdomsskolemeldinga Møte med kommuneleiinga i Strand kommune	Øvregård, Søyland, Endresen
11.10.	Strand	Møte om barnehagekampanje	Øvregård
11.10.	Kristiansand	Møte om barnehagekampanje	Arnøy
15.10.	Voss	Samrådingsmøte for norsk målreising	Øvregård
19.10.	Oslo	Nynorsk forum	Øvregård, Endresen
19.10.	Lena	Ope møte i Toten dialekt- og mållag	Øvregård
20.10.	Østre Toten	Møte med barnehagestyrarane i Østre Toten kommune og tur til tre barnehagar	Øvregård
21.10.	Kristiansand	Kurs Sørlandske Lærarstemna	Arnøy
21.10.	Oslo	Dei nynorske mediedagane, mediefesten	Riise, Endresen
24.10.	Oslo	Høyring i kulturkomiteen om statsbudsjettet	Øvregård, Endresen
26.10.	Klepp	Norskkurs Øksenvad vgs	Arnøy
26.10.	Hovdebygda	Feiring av den nynorske bibelen	Øvregård
31.10.	Hamar	Ope møte Hamar Mållag i samband med oppattskipinga	Øvregård
01.–02.11.	Hordaland	Besök i sju barnehagar i Meland, Lindås og på Osterøy	Øvregård
01.11.	Knarvik	Fellesmøte med lokallaga i Nordhordland om barnehagekampanjen	Øvregård
02.11.	Oslo	Norskkurs for elevar vgs BUL Oslo	Arnøy
03.11.	Oslo	Guri Vesaas-kveld, samarbeid mellom Noregs Mållag og Oslo Mållag	Øvregård, Kihl, Endresen
07.11.	Oslo	Norskfagskonferanse i regi av Språkrådet og Utdanningsforbundet	Endresen, Arnøy
06.12.	Skien	Ope møte med Mållaget Dag	Øvregård

DATO	STAD	TILSKIPING	REPRESENTANT
11.-12.11.	Oslo	Tankesmie om norskfaget	Øvregård, Søyland, Kjøde, Nygård, Endresen og Arnøy
15.11.	Oslo	Språkdagen (i regi av Språkrådet)	Kihl, Endresen, Østvedt
15.11.	Fagernes	Debattmøte i samarbeid mellom Målstreken og Valdresdebattane	Søyland, Garthus
16.11.	Oslo	Utdeling av pris til årets nynorskkommune	Nygård, Lothe, Endresen
16.11.	Volda	Møte med barnehagestyrrarane og Volda kommune	Kjøde
19.11.	Vestnes	Haustsamling Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre Mållag	Kjøde, Lothe
22.11.	Oslo	Utdeling av Kringkastingsprisen	Øvregård, Endresen, Krogh, Østvedt, Helleve
24.11.	Bergen	Seminar om norskfaget, Utd.forb.Hordaland	Arnøy
25.11.	Sande	Møte med barnehagestyrrarane og Sande kommune	Kjøde
29.11.	Bagn	Møte i Målstreken	Arnøy, Riise
01.12.	Volda	Fagråsmøte Nynorskcenteret	Øvregård
06.12.	Oslo	Møte med barne- og ungdomsavdelinga i NRK	Øvregård
06.12.	Skien	Ope møte Mållaget Dag	Øvregård
07.12.	Stavanger	Styremøte Stavanger Mållag	Øvregård
08.12.	Stavanger	Besøk til to barnehagar	Øvregård
14.12.	Naustdal	Møte med Naustdal kommune	Lothe
14.12.	Naustdal	Lunsjmøte med Førde Mållag og Naustdal Mållag	Lothe
14.12.	Naustdal	Besøk i Vevring barnehage	Lothe
21.12.	Oslo	Møte med kunnskapsminister Kristin Halvorsen	Øvregård, Kihl, Nygård, Endresen
<b>2012</b>			
05.01.	Oslo	Møte med Lærarmållaget om norskfaget	Øvregård, Søyland, Kjøde
10.01.	Manger	Kurs for barnehagetilsette i Radøy kommune	Arnøy
30.01.	Oslo	Innleiing for bystyregruppa til Oslo Raudt om norskfaget og sidemål	Øvregård
14.02.	Sandnes	Barnehagebesøk, møte med kommunen	Øvregård
14.02.	Sandnes	Årsmøte Sandnes Mållag	Øvregård
14.02.	Time	Årsmøte Time Mållag	Øvregård
14.02.	Hamar	Årsmøte i Hamar dialekt- og mållag	Søyland
15.02.	Time	Barnehagebesøk, møte med kommunen og besøk på ungdomskulen	Øvregård
17.02.	Oslo	Nynorsk forum	Øvregård, Endresen
21.02.	Arna	Årsmøte Arna Mållag	Øvregård
23.02.	Oslo	Innleiing for internseminar LNK	Endresen
27.02.	Tingvoll	Årsmøte Tingvoll Mållag	Arnøy
28.02.	Horten	Årsmøte Bakkenteigen Mållag	Endresen, Østvedt
28.02.	Gvarv	Kurs for tilsette i Gvarv barnehage	Kihl
28.02.	Gvarv	Møte med Nes Mållag	Kihl
03.03.	Bø	Årsmøte Telemark Mållag	Kihl
03.03.	Surnadal	Årsmøte Nordmøre Mållag	Kjøde
05.03.	Sarpsborg	Årsmøte Østfold Mållag	Søyland
07.03.	Bærum	Hundreårsfeiring Bærum Mållag	Øvregård
07.03.	Kyrkjebø	Årsmøte Kyrkjebø Mållag	Hjetland
07.-08.03.	Sogndal	Lærarsamling Valdres vgs./Firda vgs.	Garthus, Søyland
10.03.	Skei	Årsmøte Sogn og Fjordane Mållag	Øvregård
10.03.	Giske	Årsmøte Sunnmøre Mållag	Kjøde
13.03.	Hemsedal	Årsmøte Hemsedal Mållag	Øvregård

## Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

13.03.	Oslo	Årsmøte Fylkesmållaget Vikværingen	Riise
13.03	Hemsedal	Barnehagebesøk, skulebesøk, møte med rådmann, oppvekstsjef, rektorar og pedagogiske leiarar i kommunen	Øvregård
14.03.	Gol	Årsmøte Buskerud Mållag	Øvregård
15.03.	Vestre Slidre	Oppstartsmøte Vestre Slidre Mållag	Søyland
17.03.	Lindås	Årsmøte Hordaland Mållag	Endresen
18.03.	Øystre Slidre	Årsmøte Valdres Mållag	Søyland
22.03.	Oslo	Møte med Utdanningsdirektoratet	Øvregård, Endresen
22.03.	Skånevik	Årsmøte Karmsund Mållag	Nygård
23.-25.03.	Voss	Landsmøtet i Norsk Målungdom	Øvregård
24.-25.03.	Suldal	Årsmøte Rogaland Mållag	Kihl
26.03.	Vestre Toten	Barnehagebesøk og møte med barnehagestyrarar	Hjelmbrekke
			Øvregård

## SAMLA BESØKSLISTE BARNEHAGEKAMPANJEN

Vi har lagt ved på å reisa mykje i denne kampanjen, og vi har strekt oss langt for å seia ja takk til alle invitasjonar. Skrivarstova har også teke direkte kontakt med lokallag og fylkeslag over heile landet for å få i stand ulike avtalar knytte til barnehagekampanjen.

DATO	STAD	LOKALLAG	REPRESENTANT
<b>2010</b>			
25.10.	Badebakken barnehage, Oslo	Oslo Mållag	Kihl, Helleve
25.10.	Byåsen kirkes barnehage, Trondheim	SmiN / Nidaros Mållag	Arnøy
26.10.	Eilert Sundt barnehage, Oslo	SmiO	Kihl
26.10.	Jekteviken barnehage, Bergen	SmiB / Bergen Mållag	Øvregård
27.10.	Vinnes barnehage, Fusa	Os Mållag	Øvregård
27.10.	Kanutten barnehage, Verdal	Verdal Mållag	Arnøy
28.10.	Småtun barnehage, Austevoll	Austevoll Mållag	Øvregård
29.10.	Syvde barnehage, Syvde	Vanylven Mållag	Øvregård
01.11.	Valestrand oppvekstsenter, Valestrand	Sveio Mållag	Arnøy
01.11.	Bokkaskogen barnehage, Stavanger	Stavanger Mållag	Øvregård
02.11.	Sandvikveien barnehage, Stavanger	Stavanger Mållag	Øvregård
02.11.	Skånevik barnehage, Skånevik	Skånevik Mållag	Arnøy
02.11.	Sørhellet barnehage, Klepp	Klepp Mållag	Øvregård
02.11.	Vinje oppvekstsenter, Åmot	Vinje Mållag	Kihl
02.11.	Øyfjell barnehage, Øyfjell	Vinje Mållag	Kihl
05.11.	Napperød Naturbarnehage, Sandefjord	Sandefjord og Sandar Mållag	Øvregård
05.11.	Trudvang barnehage, Sandefjord	Sandefjord og Sandar Mållag	Øvregård
08.11.	Søre Grindstugu barnehage, Vågå	Mållaget Ivar Kleiven	Øvregård
08.11.	Loar barnehage, Lom	Mållaget Ivar Kleiven	Øvregård
09.11.	Ottabragden barnehage, Otta	Mållaget Ivar Kleiven	Øvregård
11.11.	Husnes barnehagesenter, Husnes	Husnes Mållag	Øvregård
15.11.	Vågstranda barnehage, Åndalsnes	Rauma Mållag	Lothe
15.11.	Åfarnes barnehage, Åndalsnes	Rauma Mållag	Lothe
16.11.	Vestsida kulturbarnehage, Vinstra	Nord-Fron Mållag	Endresen
16.11.	Kåja barnehage, Vinstra	Nord-Fron Mållag	Endresen
22.11.	Kyrkjebø barnehage, Kyrkjebø		Hjetland, Lothe
<b>2011</b>			
19.1.	Havreneset bhg, Florø	Flora Mållag	Hjetland, Lothe
19.1.	Torvmyrane skule, Florø	Flora Mållag	Hjetland, Lothe
24.1.	Rauland barnehage, Rauland	Vinje Mållag	Kihl
24.1.	Edland barnehage, Vinje	Vinje Mållag	Kihl
25.1.	Tussejuv barnehage, Seljord	Seljord Mållag	Kihl
08.2.	Enge barnehage, Etne	Etne Mållag	Øvregård
08.2.	Rygg barnehage, Etne	Etne Mållag	Øvregård

DATO	STAD	LOKALLAG	REPRESENTANT
08.2.	Småfolk barnehage, Etne	Etne Mållag	Øvregård
22.2.	Randåsen barnehage, Suldal	Suldal Mållag	Øvregård
22.2.	Joagarden barnehage, Suldal	Suldal Mållag	Øvregård
24.2.	Tuv barnehage, Hemsedal	Hemsedal Mållag,	Søyland
24.2.	Møte med barnehagestyrarane i Gol		Søyland
18.03.	Førland barnehage, Tysvær		Øvregård
18.03.	Tysværvåg barnehage, Tysvær		Øvregård
18.03.	Bokn skule og barnehage, Bokn	Bokn Mållag	Øvregård
30.03.	Kurs for barnehagetilsette i Gloppen	Gloppen Mållag	Lothe
15.06.	Oppsal barnehage, Oslo		Øvregård
29.08.	Møte med barnehagestyrarane og Ørsta kommune		Kjøde
20.09.	Gjerdsika barnehage, Sande		Kjøde
20.10.	Møte med barnehagestyrarane i Østre Toten		Øvregård
20.10.	Kolbu bhg, Østre Toten	Toten dialekt- og mållag	Øvregård
20.10.	Eventyråsen bhg	Toten dialekt- og mållag	Øvregård
20.10.	Fredsvoll bhg, Østre Toten	Toten dialekt- og mållag	Øvregård
01.11.	Leiknes barnehage, Hjelmås		Øvregård
01.11.	Ostereidet barnehage	Ostereidet Mållag	Øvregård
01.11.	Hundvin barnehage, Lindås		Øvregård
02.11.	Haugen barnehage, Isdalstø		Øvregård
02.11.	Kolås barnehage, Lindås		Øvregård
02.11.	Solhaugen barnehage, Lindås		Øvregård
02.11.	Litago barnehage, Meland	Meland Mållag	Øvregård
16.11.	Møte med barnehagestyrarane i Volda og Volda kommune		Kjøde
25.11.	Møte med barnehagestyrarane og Sande kommune		Kjøde
07.12.	Bekketunget barnehage, Stavanger	Stavanger Mållag	Øvregård
07.12.	Roaldsøy barnehage, Stavanger	Stavanger Mållag	Øvregård
17.12.	Møte med barnhagestyrarane og Naustdal komm.		Lothe
17.12.	Veiring barnehage, Naustdal	Naustdal Mållag	Lothe
<b>2012</b>			
10.01.	Kurs for barnehagetilsette i Radøy kommune		Arnøy
14.02.	Smeaheia bhg	Sandnes Mållag	Øvregård
14.02.	Porsholen bhg	Sandnes Mållag	Øvregård
14.02.	Møte med kommunen om nynorsk i bhg.	Sandnes Mållag	Øvregård
15.02.	Møte med kommunen om nynorsk i bhg.	Time Mållag	Øvregård
15.02.	Maurtua barnehage	Time Mållag	Øvregård
28.02.	Inspirasjonskveld for tilsette i Gvarv bhg.	Nes Mållag	Kihl
13.03.	Ulsåk barnehage	Hermsedal	Øvregård
13.03.	Tuv barnehage	Hemsedal	Øvregård
13.03.	Møte med pedagogiske leiarar og oppvekstsjef i Hemsedal Kommune		Øvregård
29.03.	Eina barnehage	Toten dialekt- og mållag	Øvregård
29.03.	Einervegen barnehage	Toten dialekt- og mållag	Øvregård
29.03.	Polaris FUS barnehage	Toten dialekt- og mållag	Øvregård
29.03.	Møte med styrarane i bhg i Vestre Toten	Time Mållag	Øvregård

# Norsk Målungdom



JUBILEUM Norsk Målungdom i ein pause under landsmøtet i Oslo. (Foto: Odin Hørthe Omdal.)

Det siste året har vore prega av jubileumsfeiring, norskfagsordskifte og høg aktivitet og deltaking. Året som gjekk har vore eit år der vi har auka engasjementet i eigen organisasjon.

## POLITIKK

Norskfaget og sidemålsordninga sto øvst i arbeidsprogrammet til NMU i denne perioden. Det har lenge vore varsla ei endring i læreplanane i norskfaget, og vinteren 2012 toppa dette seg med eit framlegg om å ta bort vurdering i sidemål. Saka eksploderte i media og skapte stort engasjement blant målfolk og andre. Vi har vore godt synlege i media både i den aktuelle saka og generelt gjennom heile perioden på både nasjonale og lokale media, der vi sa klårt i frå om at vi meiner det framleis må vera ei karakterbasert vurdering i sidemål for alle. NMU har òg i denne perioden gjennomført ein digitaldugnad, der vi har oppmoda både brukarar og tilbydarar av digitale tenester på nett om å omsetja tenestene til nynorsk. Vi har sett ei positiv utvikling der mellom anna fleire nettbankar no tilbyr nettbanktenester på nynorsk.

## ORGANISASJONEN

I 2011 feira vi at det var 50 år sidan Norsk Målungdom vart skipa. Vi sette eit jubileumspreg på alle tilskipingane våre dette året. I 2011 har medlemstalet halde seg stabilt frå førre år. Den medlemsnedgangen vi har hatt dei siste åra har flata ut, og det ser ut som om vi er på veg opp att. Vi har hatt ein fulltidstilsett på skrivarstova og ein leiar tilsett i halv stilling. Medlemsbladet vårt Motmæle har kome ut fire gonger i perioden. I 2011 delte vi ut dialektprisen til skiløpar Therese Johaug, noko som fekk stor og brei dekning i media.

## INTERNASJONALT ARBEID

I denne perioden har leiar Janne Nygård vore Noreg sin ungdomsrepresentant til generalkonferansen til UNESCO i Paris i oktober i 2011.

## TILSKIPINGAR

I perioden har vi mellom anna skipa til sommarleir på Vinstra, haustkonferanse i Kristiansand og vinterleir på Røros. Fleire av tilskipingane hadde dei høgste delta-kartala vi har notert på mange år. Alle tilskipingane har fått mange påmeldingar og fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

# Medlemer i Norsk Målungdom

## Medlemer per fylke

	2008	2009	2010	2011
Akershus	52	51	45	47
Aust-Agder	20	20	14	18
Østfold	15	10	8	6
Buskerud	23	14	21	14
Finnmark	2	4	4	4
Hedmark	20	12	8	13
Hordaland	350	287	242	214
Møre og Romsdal	79	81	87	77
Nord-Trøndelag	12	10	8	8
Nordland	19	20	12	6
Oppland	44	24	24	24
Oslo	217	235	196	195
Rogaland	255	158	128	123
Sogn og Fjordane	169	154	128	165
Sør-Trøndelag	104	87	99	65
Telemark	38	46	31	33
Troms	16	22	15	9
Utlandet	7	10	5	8
Vest-Agder	31	29	34	32
Vestfold	7	2	3	5
<b>Sum</b>	<b>1473</b>	<b>1274</b>	<b>1112</b>	<b>1066</b>

## Lokallag i 2011

Medlemer	
Asker og Bærum Målungdom	13
Ås Studentmållag	13
Grimstad Målungdom	7
Bergen Målungdom	16
Studentmållaget i Bergen	96
Målungsdomslaget Vossamaol (Voss)	31
Norsk Målungdom Ålesund og omegn	15
Romsdal Målungdom	11
Målungdomen i Oslo	19
Katta Målungdom (Oslo)	33
Studentmållaget i Oslo	158
Målsiddisane (Stavanger)	41
Kongsgård Elevmållag (Stavanger)	19
Firda Målungdom (Sandane)	80
Studentmållaget i Nidaros	51
Målungdomen i Nidaros	14
Studentmållaget i Rauland	5
Agder Målungdom	17
Studentmållaget i Kristiansand	17

# Nærskylde tiltak

## Dag og Tid

Dag og Tid AS gjev ut den frie vekeavisa *Dag og Tid*, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. *Dag og Tid* har vore i jamn og god vekst dei siste åra, og nådde i 2011 eit opplag på 8729 eksemplar, det høgaste nokon gong.

Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt, slik som Nøkkel til nynorsk, som har vore i sal i mange år. Ivar Aasen-almanakken vart avvikla i 2011 på grunn av minkande interesse.

Svein Gjerdåker er redaktør og dagleg leiar. Ola Mestad er styreleiar i selskapet.

## Det Norske Samlaget

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kultur-politisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2011 ut 217 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og lærebøker til grunnskole, vidaregåande skole og høgare utdanning. Fleire av Samlagsbøkene utmerka seg med god kvalitet, som resulterte i t.d. fire Brage-nominasjonar. Arnhild Skre fekk Brageprisen for Hulda Garborg. Nasjonal strategi. Fleire andre av Samlagsforfattarane har fått prisar og utmerkingar, og forlaget har i dag ei svært god rekruttering av nye forfattarar. Sakprosaseksjonen sette i 2011 i gong ein eittårig nynorsk sakprosaskule i samarbeid med Norsk Faglitterær Forfatter- og Oversetterforening (NFFO), som held fram i 2012. Samlaget gjev ut tidsskriftet *Syn og Segn*, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet var 2277 mot 2263 året før, ein liten oppgang.

Leiar i styret for forlaget var Kristin Bjella og for Litteraturselskapet Kari Bjørke. Forlagsdirektør Tove Lie slutta i februar, og Tom Skovdal var konstituert til Edmund Austigard tok over i november 2011. Audun Heskestad vart i 2011 utnemnd til heidersmedlem i Det Norske Samlaget.

## Det Norske Teatret

2011 har vore prega av svært høg aktivitet på Det Norske Teatret. Vi har hatt heile 27 ulike produksjonar, av dei var 23 eigenproduksjonar og fire var samarbeidsproduksjonar. Vi har lansert fleire nye kunstnarlege satsingar, og desse har gjort sitt til at Det Norske Teatret står fram som eit spennande teater i god utvikling. Samla tilskodartal for Det Norske Teatret i 2011 var 184 204.

Tilskotet frå staten til teaterdrifta var om lag 144 mill. kroner. Nina Refseth er styreleiar ved teatret, Erik Ulfhsby er teatersjef og Astrid Driva Rødsand er direktør.

I 2013 fyller Det Norske Teatret 100 år. Dette vil vi markera med ulike arrangement gjennom året, i tett samarbeid med Språkåret 2013 og dei nærskylde nynorskorganisasjonane. Hovudoverskrifta for jubileumsmarkeringa skal vere: Det Norske Teatret – i kamp for mangfold.

## Folkekulturforbundet

Folkekulturforbundet (FOLK) er studieforbund for Noregs Mållag og 28 andre frivillige organisasjoner. FOLK skal ivareta medlemsorganisasjonane og deira lokallag med omsyn til utvikling, tilrettelegging og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod. FOLK er oppteken av – og ynskjer å ta eit ansvar for – opplæring i folkekulturfaga.

FOLK ser på opplæring i vid forstand – frå eit lite, enkelt kurs til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar – til formell kompetanse og vekttal. For FOLK er det viktig å sikra eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Opplæringa skjer i aktive læringsfellesskap, og er med på å skapa sosialt trygge og trivelege rammer rundt læringssituasjonen. Dette er viktig for å leggje til rette for god læring, og for å vera inkluderande og open. Læring er knytt til handling, og skjer gjerne ved vevstolen, på teaterscenen, i båten og i dansesalen.

FOLK er ein stor kursarrangør og eit av studieforbunda som har vekst i kursaktivitet.. I 2010 gjennomførte medlemsorganisasjonane 115.139 kurstimar med 34.035 deltagarar på 4.029 kurs. Det er ein auke på nesten 10% frå 2009. Noregs Mållag hadde heller ikkje i 2010 kurs med stønad frå vaksenopplæringspengar via FOLK.

Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre – og organisasjonar vi har samarbeidsavtale med.

I fleire av handverksfaga arbeider FOLK for å sikre vegen til formell kompetanse, med spesiell vekt på opplæring fram mot å ta fagbrev. Dette er små fag, og tilgangen på offentleg utdanning er forsvinnande liten. FOLK kan rettleia kandidatar som ynskjer å ta fagbrev, samarbeider aktivt med fagopplæringa og deltek i ulike prosjekt som arbeider med fagutdanning.

FOLK driv også høgare utdanning i samarbeid med ulike høgskular og universitet.

## Framtida.no

*Framtida.no* er ei nynorsk nettavis med ungdom mellom 15 og 25 år som hovudmålgruppe. Nettavisa starta 1. september 2010, og er eit samarbeid mellom LNK og ABC Startsiden. I 2011 var over 170.000 unike brukarar innom *Framtida.no*. Talet på unike brukarar i løpet av ei veke har gått opp til i overkant av 6000 unike brukarar. I november 2011 hadde *Framtida.no* 19.000 unike brukarar – 3000 fleire enn eitt år tidlegare.

I tillegg til prosjekteiar Svein Olav Langåker som arbeider i full stilling, har *Framtida.no* tre reisande journalistar i deltidstillinger. Nettstaden blir redigert etter redaktørplakaten.

I løpet av 2011 vart *Framtida.no* omtala og sitert i 117 artiklar i andre media.

Før kommunevalet i 2011 utvikla Framtida den fyrste nynorske partitesten i landet, saman med *ABC Nyheter*. Dette gav mange nye lesarar til *Framtida.no* og ifylge *Dagsavisen* var denne partitesten den nest mest brukte i landet.

I tillegg til eigenproduserte saker har *Framtida.no* avtale om å få bruka stoff frå om lag 20 aviser.

## Kringkastingsringen

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastninga og i media elles. Sidan 1955 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemduene skal føra ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg.

Kringkastingsringen arbeider også for å påverka styresmaktene til å leggja forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfoldig språk i media.

I 2011 har vi:

- arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.
- møtt NRK for å drøfta NRK Super og andre problemstillingar knytte til språket i NRK.
- gjeve ut meldingsbladet *Kringom*, der vi tek opp aktuelle mediepolitiske spørsmål.
- skipa til ope møte på Litteraturhuset om allmennkringkasting
- delt ut Kringkastingsprisen 2011 til Morten Sandøy (TV2)

Martin Toft er styreleiar og Tarjei Vågstøl er tilsett som dagleg leiar.

## Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 120 medlemer; av desse er 104 kommunar og fylkeskommunar (per 31.12.2011).

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk bruksspråk innafor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med språkopplæring, nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester og omdømmebygging i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurset «På saklista» gratis til medlemene, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkar heile landet. Kursa er kvalitets-sikra av, og blir arrangerte i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Nynorsk marknadsmakt er eit viktig stikkord for LNK. Gjennom eit formalisert samarbeid med næringslivet og kommunale organisasjonar freistar LNK å påverka leverandørar av varer og tenester til det offentlege til å sjå samanhengar mellom eigen økonomi og det å ta kundane på alvor – også språkleg.

Organisasjonen gir ut *LNK-avisa* seks gonger i året og driv nettstadane *LNK.no*, *Magasinett.no* og *Framtida.no* (saman med ABC Startsiden).

Elles arbeider Landssamanslutninga av nynorskkommunar nært saman med Noregs Mållag og dei andre nynorskorganisasjonane gjennom Nynorsk Forum.

Astrid Myran Aarvik er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

## Magasinett

2011 var det 15. driftsåret for nettidsskriftet *Magasinett*. Tidsskriftet blir redigert på nynorsk og har vorte oppdatert to til fire gonger i veka. Drifta av stiftinga har lenge vore sett ut til konsulentelskapet Norsk Plan as, men frå 1. januar 2012 tok Landssamanslutninga av nynorskkommunar over drifta. Svein Olav Langåker har teke over som redaktør og skal sjå drifta av *Magasinett* i samanheng med *Framtida.no*. Nettstaden blir redigert etter redaktørplakaten.

Berebjelken i *Magasinett* er magasindelen med originalskriven kortprosa og essays av framståande ungdomsforfattarar og kjende journalistar. Målgruppa er i hovudsak elevar og lærarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Nettidsskriftet blir brukt i hovudmåls-, sidemåls- og samfunnsfagundervisninga over heile landet. I 2011 arrangerte *Magasinett* to skri-vetevingar.

Noregs Mållag og Landsamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) står bak stiftinga.

## Noregs Ungdomslag

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kul-turaktivitetar skapa engasjement og levande lokal-miljø. Noregs Ungdomslag er oppteken av å skape gode sosiale og faglege møtestader, og skipar mellom anna til fagseminar, sommarleir for ungdom og festivale Norsk Amatørteaterfestival og Folkedansfestiva-len. Sentralleddet arbeider også med instruktøroplæ-ring innanfor folkedans og teater, og yter sørvis til dei lokale ungdomslaga. I ungdomslaget kan du delta i ei rekke ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, og ulike aktivitetar for barn og unge er dei største. Over 300 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ung-domshus. Mange lag har også songkor, kino og bunad-og handverksarbeid. Noregs Ungdomslag er tufta på verdiane frilynd, tradisjon, nyskaping, generasjonar, rusfri samværskultur og samfunnsengasjement.

## Norsk Barneblad

*Norsk Barneblad* er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut mest utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. I 2012 fyller bladet 125 år!

Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7–15 år.

*Norsk Barneblad* har eigne nettsider, [www.barne-blad.no](http://www.barne-blad.no), som blir oppdaterte ein gong i veka med stoff som ikkje er trykt i bladet. Ordskifte der lesarane sjølv får skriva inn og diskutera, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar,

vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitets-stoff. *Norsk Barneblad* tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk skrive for barn og av og til av barn. I tillegg til bladdirfta lagar også *Norsk Barneblad* eigne barnesider som blir selde til avisar over heile landet og julehefta *Smørbukk* og *Tuss & Troll* som i 2011 selde meir enn 60 000 stykk.

Saman med Det Norske Samlaget gav *Norsk Barne-blad* i 2011 ut *Vitceboka*, ei samling med barnas eigne innsende vitsar som har vore trykte i bladet.

Fire gonger i året blir *Norsk Barneblad*, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemed-lemmene i Noregs Ungdomslag.

Styreleiar er Magni Hjertenes Flyum, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.

## Norsk ordbok

Prosjektorganisasjonen Norsk Ordbok 2014 gjev ut *Norsk Ordbok – Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Ordboksverket skal koma i tolv band. Band 9 vart lansert 17. februar 2011, og redaksjonen har i heile 2011 arbeidd med manuskript til band 10 av verket. Ordboka skal vera ferdig til grunn-lovsjubileet i 2014.

Band 10, som kjem våren 2012, har bidrag frå 31 redaktørar.

Norsk Ordbok 2014 er ei eiga organisatorisk eining knytt til Institutt for lingvistiske og nordiske studiar ved Universitetet i Oslo. Åse Wetås er prosjektdirektør og Magnus Rindal styreleiar.

## Norske kulturygg

Norske kulturygg er samarbeids- og tenesteorganisa-sjonen for forretningsverksemrd (lagsbruk) og lagshusa/ungdomshusa i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, og eit kompetansesenter for organisasjonseigde kulturygg.

Fagleg, økonomisk og juridisk rådgjeving spesielt til landslaga og lag med hus m.a. gjennom huskurs, husbe-sök, nettside og formidling av fagkonsulentar, fagin-stansar og rådgjevarar. Berre landslaga (NM og NU) og lagsbruk som driv alkoholfritt kan vera direktemedlem.

Norske kulturygg vart skipa i 1949 (Lagsbruks-nemnda) og vart sjølvstendig organisasjon i 1979 (Lagsbrukssamskipnaden). Endra i 2009 namnet frå Norske lagsbruk til Norske kulturygg. Vi er medlem av NSRM Norsk senter for rusfri miljøutvikling, NOK Nettverk for organisasjonseigde kulturygg, Frivillig-het Norge og Actis – rusfeltet sitt samarbeidsorgan.

Dagleg leiar er Anders Slaatsveen og styreleiar er Aud Solveig P. Malmedal. Styret og dagleg leiar i Norske kulturygg er styre og dagleg leiar for Lagsbruksfondet.

## Nynorsk kultursentrum

2011 vart eit år for fornying. Vi omorganiserte verksemda ved å etablere eit morselskap og gjere Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret til likeverdige driftsavdelingar, oppretta nye stillingar, fekk mange nye medarbeidarar og fornya både arbeidsformer og planar. Dette viste ein robust organisasjon med sterkt vilje til fellesskap. Arbeidet med Språkåret 2013 kom godt i gang, Olav H. Hauge-senteret vann raskt tillit, styrkte Ivar Aasen-tunet og sette i gang nye prosjekt som involverer mange frå miljø i inn- og utland. Frå 1. januar 2011 var Ulvik herad stiftar nr. 22 i Nynorsk kultursentrum.

Driftsinntektene auka med 25 % til 18,6 millionar kroner, og drifta gav eit resultat på 749 000 kroner.

Vi hadde 19 114 gjester i 2011. Dette var 15 % fleire enn året før. Dei tre nettstadene våre hadde 250 000 unike brukarar som såg på 701 000 sider. Dette var noko færre enn året før, men kvar dag brukte i gjennomsnitt 800 personar tenestene våre.

Vi var til stades med 299 arrangement tilstellingar i 26 kommunar. Med 53 arrangement på fire dagar samla Dei nynorske festspela 6400 gjester, og Bjørn Sortland var den 18. festspeldiktaren.

Tilsette publiserte 56 artiklar, skrifter og foredrag, og direktøren heldt den 11. årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: *Gledene ved plikta*. Ei rekke forskings- og dokumentasjonsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre, vi laga to temautstillingar – *Elias Blix. Ordets sjølvmedkunstnar* og *Hjarteklapp. Ung forelsking og kjærleik* og bloggaren Linda Sæbø fekk prisen Årets nynorskbrukar 2011. Frå Vinjefondet for meir nynorsk i pressa løyvde vi 470 000 kroner til tre prosjekt.

Styreleiar var Reidar Sandal, rådsordførar var Wegard Harsvik (representant for Noregs Mållag) og direktør var Ottar Grepstad. Vi hadde 13 fast tilsette og skreiv arbeidsavtalar med i alt 49 medarbeidarar som utførte 15,5 årsverk.

Frå 2000 til og med 2011 har Nynorsk kultursentrum hatt 222 000 gjester og 2 809 000 nettstadbruksarar. Dermed har 3 millionar personar nytt tilboda våre. 12 driftsår har også resultert i dette:

- 75 302 bøker, skrifter, foto, kunsthistoriske og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 2800 arrangement med 8100 utøvarar
- 27 temautstillingar med 139 utlån i 18 fylke
- 11 790 tekstdokument på nettstadene
- Arrangement og utstillingar i 123 kommunar i 18 fylke
- 575 turnéframrysningar av tre elevprogram for 15 697 elevar og lærarar

Visjonen vår er «nynorsk, sjølvsgått, når som helst og kor som helst». Nynorsk kultursentrum helsar medlemmer, styre og tilsette i Noregs Mållag vel møtt til vidare godt samarbeid i 2012 og aller mest til Språkåret 2013!

## NRK Nynorsk mediesenter

Per 1. mars 2012 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 75 nynorskbrukande journalistar sidan 2004, og vel 73 prosent av dei har heil- eller deltsarbeid i media. 46 av dei arbeider i NRK. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i NRK Super, Dagsrevyen, Dagsnytt, NRK.no, ulike program i NRK P1, P2 og P3 og ved fem distriktskontor. Også fleire aviser og nettstader har tilsett tidlegare nynorskpraktikantar.

Søknadsfristen for haustkullet er 15. april og for vårkullet 15. oktober. Nynorskpraktikantane får opplæring i radio, fjernsyn og nett, og praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Til slutt har dei to månaders praksis i andre redaksjonar, i og utanfor NRK. Dei har løn i dei seks månadane praktikantida varer, men korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etterpå.

NRK Nynorsk mediesenter held kurs om media og nynorsk. Mellom anna i medietrening, kriseøving, presentasjon, skriving for Internett, «god nynorsk», osv. Føremålet er å gje kursdeltakarane kunnskap om og trening i media og nynorsk, som kan gjera dei trygge og frimodige nok til å vera seg sjølve og våga seg fram på i mediesamfunnet. Vi skreddarsyr kursa for alt frå lag og organisasjonar, privat- og offentleg verksemd til media og næringsliv. Kursa held vi der oppdragsgjevaren ynskjer, og vi lagar også nye kurs på oppdrag.

## Nynorsk pressekontor

Stiftinga Nynorsk pressekontor (i daglegtale Nynorsk pressekontor), leverer stoff og bilete til aviser og andre medium. Kontoret har fem fast tilsette, og har vore i drift sidan 1969. 2011 var eit spanande år for Nynorsk pressekontor og nynorsk i media. Arbeidet i Nynorsk pressekontor i året som var, var prega av produkt- og vidareutvikling. Vi markerer oss stadig sterkare som nyhetsleverandør med fleire produkt som passar ulike medium og plattformer.

Samarbeidet med NTB (Norsk Telegrambyrå) held fram, og vi har eit felles mål om å auka bruken av nynorsk i media. Nye satsingar gir no moglegheiter for akkurat dette. NPK har dei siste åra lansert fleire nye produkt som eit resultat av samarbeidsavtalen, til dømes temateneste og direkteteneste for nettavisar.

I 2010 kom *NPK-språket* ut. Dette er ei språkhåndbok bygd over same lesten som NTBs språkhåndbok, *NTB-språket*, og inneholder to delar; ei ordliste med over 300.000 oppslagsord og ein regeldel med gode råd om rettskriving og språkbruk. NPK arbeider aktivt med å vera ein pådrivar for godt språk, mellom anna gjennom språkkurs, omsetningsverksemd og tilsvarande aktivitetar. I 2011 heldt vi kurs både i avisredaksjonar og i det offentlege med *NPK-språket* til grunn.

## Nærskyldde tiltak

I åra som kjem vil vi stadfesta vår eigen profil betre, og markera oss sterkare. Samarbeidsavtalen er eit godt grunnlag for auka aktivitet for Nynorsk pressekontor. Dei nærmaste åra vil vi jobba vidare med produktutvikling og nye tenester særleg retta mot digitale medium. Styreleiar i stiftinga er Håvard Teigen, redaktør og dagleg leiar er Karoline Riise Kristiansen. Nynorsk pressekontor held til i Oslo, i same lokale som Norsk Telegrambyrå.

## Pirion

*Pirion* er ei kulturavis for alle som jobbar i barnehage, SFO og i småskule. Tanken bak *Pirion* er at tilsette skal bli medvitne på at læring i barnehagane skal ta utgangspunkt i bornas eige nærmiljø og eigen lokalkultur. *Pirion* er både eit blad, ein nettstad og eit kurstilbod.

Bladet *Pirion* kjem ut åtte gonger årleg, både som eige blad og som istikk i *Fagbladet, seksjon Helse, kultur og kyrkje*. Fagbladet hadde i fjar eit opplag på 35.000.

På [www.pirion.no](http://www.pirion.no) finn leserar alt tilgjengeleg materiell frå bladet, pluss somme bokmeldingar og gode lenker til andre gode nettstader.

*Pirion* tilbyr Pirionkurs for tilsette i barnehagar og småskule. Kurshaldarane har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt. Meir informasjon om kurs finn de på [www.pirion.no](http://www.pirion.no). *Pirion* har òg eigen facebook- og twitterkonto.

Norsk Plan as har for tida det redaksjonelle ansvaret for bladet, nettstaden og kursa. Konsulentelskapet brukar både eigne og innleigde journalistar til å laga det redaksjonelle stoffet. I tillegg bidreg ulike spaltistar til den faste spalten PitParion. Nettstaden blir redigert etter redaktørplakaten.


*Pirion* blir gitt ut av stiftinga Pirion der Noregs Mål- lag og Landssamanslutninga av nynorskkommunar er stiftarar.

# Vedlegg og statistikk

## Nynorsk skulemål 1930-2011

1930	19,50 %	1957	23,90 %	1979	16,40 %	2000	15,00 %
1935	19,90 %	1958	23,50 %	1980	16,40 %	2001	14,90 %
1938	22,00 %	1959	23,30 %	1981	16,50 %	2002	14,70 %
1939	29,50 %	1960	22,70 %	1982	16,60 %	2003	14,50 %
1940	31,50 %	1962	21,50 %	1983	16,60 %	2004	14,25 %
1941	31,90 %	1963	21,10 %	1984	16,70 %	2005	14,03 %
1942	33,20 %	1964	20,50 %	1985	16,70 %	2006	14,04 %
1943	33,60 %	1965	20,40 %	1986	16,80 %	2007	13,88 %
1944	34,10 %	1966	19,40 %	1987	16,80 %	2008	13,41 %
1945	33,20 %	1967	19,20 %	1988	16,90 %	2009	13,27 %
1946	31,90 %	1968	19,10 %	1989	16,90 %	2010	13,06 %
1947	31,10 %	1969	18,40 %	1990	17,00 %	2011	12,88 %
1948	30,80 %	1970	17,90 %	1991	16,90 %		
1949	30,50 %	1971	17,50 %	1992	*		
1950	29,70 %	1972	17,30 %	1993	*		
1951	29,00 %	1973	17,10 %	1994	*		
1952	28,20 %	1974	16,80 %	1995	16,60 %		
1953	27,30 %	1975	16,70 %	1996	16,10 %		
1954	26,20 %	1976	16,50 %	1997	16,10 %		
1955	25,30 %	1977	16,40 %	1998	15,60 %		
1956	24,30 %	1978	16,40 %	1999	15,30 %		

\* Merknad: For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikke føre rette tal. Det kjem av at statistikkføringa er endra etter at KUF tok over



## Skulemålet i alle fylka 2006-2011

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
	Elevar	Nynorsk	Elevar	Nynorsk	Elevar	Nynorsk
Østfold	34 222	0,00 %	34 280	0,00 %	34 427	0,00 %
Akershus	72 381	0,01 %	73 110	0,00 %	73 719	0,00 %
Oslo	52 251	0,04 %	53 241	0,02 %	54 868	0,01 %
Hedmark	24 018	0,01 %	23 281	0,00 %	23 145	0,00 %
Oppland	23 481	2,87 %	23 351	20,15 %	19,86 %	22 723
Buskerud	31 804	3,56 %	31 858	3,35 %	31 895	3,06 %
Vestfold	30 066	0,00 %	30 057	0,00 %	29 714	0,00 %
Telemark	21 520	1,488 %	21 452	1,4,06 %	20 894	12,96 %
Aust-Agder	14 598	6,80 %	14 564	7,23 %	14 326	6,45 %
Vest-Agder	23 557	3,79 %	23 471	3,41 %	23 292	3,46 %
Rogaland	58 810	26,52 %	59 137	25,76 %	58 845	25,19 %
Hordaland	62 390	42,06 %	62 583	41,27 %	62 138	40,59 %
Sogn og Fj	15 485	96,78 %	15 207	97,02 %	14 801	97,13 %
Møre og R	33 868	54,54 %	33 683	53,80 %	33 301	53,41 %
S-Trøndelag	36 770	0,20 %	36 796	0,14 %	36 223	0,12 %
N-Trøndelag	18 389	0,49 %	18 361	0,26 %	18 117	0,20 %
Nordland	32 865	0,04 %	32 313	0,03 %	31 256	0,03 %
Troms	21 217	0,27 %	21 068	0,24 %	20 481	0,24 %
Finnmark	9 526	0,01 %	9 464	0,00 %	9 147	0,00 %
<b>Landet</b>	<b>617 218</b>	<b>14,04 %</b>	<b>617 237</b>	<b>13,65 %</b>	<b>614 662</b>	<b>13,41 %</b>
Endring bokmålselevar	-977	0,18 %	-1005	-0,19 %	-931	-0,18 %
Endring nynorskelevar	-958	-1,11 %	-1880	-2,23 %	-1154	-1,40 %
					611 977	13,27 %
					612 935	13,1 %
					611 397	12,9 %

Tabellen viser samla elevtal (både nynorsk- og bokmålselevar) og kor stor prosentdel av desse som har nynorsk som hovedmål i kvart fylke.  
Under tabellen ser du endringa i taler på bokmåls- og nynorskelevar.

# Skolemålsrøystingar 1992-2011

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
<b>HEDMARK</b>						
270697	Dalen	Folldal	300	97	97	Bokmål
<b>OPPLAND</b>						
280493	Vestringb.	Nord-Aurdal---	79	107	Bokmål	
030597	Nord-Vekkom og Sør-Vekkom	Ringebu	1280	35	209	Bokmål
040401	Etnedal	Etnedal	1185	212	158	Nynorsk
050403	Kjønås/Venåbygd	Ringebu	700	36	79	Bokmål
050403	Fåvang	Ringebu	1200	48	228	Bokmål
070604	Engjom	Gausdal	656	199	110	Nynorsk
241004	Reinli	Sør-Aurdal	344	144	76	Nynorsk
220811	Skåbu	Nord-Fron	431	150	95	Nynorsk
120312	Otta	Sel	3030	76	103	Ikkje avgjort
<b>BUSKERUD</b>						
160697	Rollag	Rollag	280	175	102	Nynorsk
100500	Skurdalen **	Hol	25 (188)	11	13	Nynorsk
091002	Rollag	Rollag	470	112	122	Bokmål
010404	Skurdalen/Dagali	Hol	305	81	85	Bokmål
120905	Holet	Hol	588	221	71	Nynorsk
<b>TELEMARK</b>						
201095	Kroken	Drangedal	850	228	280	Bokmål
201095	Brødsjø	Drangedal	303	66	111	Bokmål
200697	Bøen	Tinn	424	85	67	Nynorsk
130400	Yli **	Notodden	125 (763)	41	44	Nynorsk
130400	Rygi **	Notodden	205 (1064)	84	53	Nynorsk
150903	Svenseid	Nome		136	32	Nynorsk
150903	Lunde 1-4 (off.)	Nome		172	409	Bokmål
150903	Lunde 5-7 (off.)	Nome		282	449	Bokmål
100507	Yli	Notodden	680	23	109	Bokmål
011008	Rygi	Notodden	1400	15	134	Bokmål
011008	Gransherad	Notodden	700	35	65	Bokmål
170310	Attrå	Tinn	1312	109	191	Bokmål
170310	Hovin	Tinn	195	35	65	Bokmål
<b>AUST-AGDER</b>						
260194	Gjerstad	Gjerstad	---	174	117	Nynorsk
290595	Nelaug	Åmli	---	67	68	Nynorsk
160200	Gjerstad **	Gjerstad	152 (840)	29	85	Bokmål
150503	Mykland	Froland	307	29	79	Bokmål
030510	Åmli	Åmli	1420	360	334	Bokmål
030510	Dølemo	Åmli	261	75	44	Bokmål
<b>VEST-AGDER</b>						
120397	Laudal	Marnardal	405	131	134	Bokmål
201097	Vesterdalen	Kvinesdal	500	187	141	Nynorsk
191199	Byremo **	Audnedal	89 (490)	44	38	Nynorsk
140300	Vesterdalen **	Kvinesdal	106 (540)	22	64	Bokmål
220300	Kollemo **	Hægebostad	82	41	28	Nynorsk
150503	Mykland	Froland	307	25	82	Bokmål
160206	Austerdalen	Kvinesdal	500	68	115	Bokmål
191107	Kvinlog	Kvinesdal	459	200	71	Nynorsk
<b>ROGALAND</b>						
020693	Vedavågen	Karmøy	---	282	401	Bokmål
040696	Bru/Mosterøy	Rennesøy	886	101	351	Bokmål
110297	Rennesøy	Rennesøy	1203	520	126	Nynorsk

## Vedlegg og statistikk

050597	Heskestad	Lund	347	143	121	Nynorsk
Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
270999	Stangeland	Sola	--- (3053)	69	108	Bokmål
270999	Sande (ny skule)	Sola	--- (3053)	41	173	Bokmål
040500	Sviland **	Sandnes	161 (736)	56	59	Bokmål
250900	Håland	Sola	800	136	129	Nynorsk
140501 (off)	Sviland	Sandnes	736	222	167	Nynorsk
300304	Soma	Sandnes	602	64	81	Bokmål
130504	Stokkastrand	Karmøy	973	255	103	Nynorsk
030604	Heskestad	Lund	351	93	108	Bokmål
120905	Ålgård	Gjesdal		359	306	Nynorsk
200206	Oltedal	Gjesdal	570	131	107	Nynorsk
<b>HORDALAND</b>						
290492	Haukås *	Bergen	---	129	317	Bokmål
030593	Kyrkjekr.	Bergen	---	211	114	Nynorsk
270597	Ådnamarka og Indre Arna	Bergen	2700	234	113	Nynorsk
010300	Liland	Bergen	633 (2743)	107	239	Bokmål
231001	Nordvik	Bergen	322	18	65	Bokmål
160603	Kyrkjekrinsen	Bergen	1780	223	224	
160603	Hordvik	Bergen	1212	279	293	
150903	Fauskanger	Askøy	1398	516	371	Nynorsk
150903	Træet	Askøy	704	267	157	Nynorsk
310510	Træet	Askøy	949	130	80	Nynorsk
310510	Fauskanger	Askøy	690	105	96	Nynorsk
<b>SOGN OG FJORDANE</b>						
141105	Florø	Flora	4065	176	206	Nynorsk
<b>MØRE OG ROMSDAL</b>						
040694	Eidsvåg *	Nesset	---	159	178	Ugyldig
050396	Batnfjord	Gjemnes	825	240	211	Nynorsk
120897	Nordlandet	Aure	150	36	13	Nynorsk
150600	Flisnes **	Ålesund	480 (1.579)	106	117	Bokmål
011001	Haukås	Fræna	1781	101	221	Bokmål
050603	Grimstad	Ålesund	610	59	159	Bokmål
020507	Aure	Aure	1175	389	237	Nynorsk
020507	Lesundet	Aure	188	37	53	Nynorsk
020507	Straumsvik	Aure	320	76	77	Nynorsk
100310	Batnfjord	Gjemnes	1477	301	420	Bokmål
170310	Øvre Rindal	Rindal	443	63	89	Bokmål
060711	Torvikbukt	Gjemnes		74	123	Bokmål
<b>SØR-TRØNDELAG</b>						
270694	Voll	Rennebu	---	157	208	Bokmål
141097	Jåren-Råbygda	Skaun	347	106	105	Nynorsk
<b>NORD-TRØNDELAG</b>						
040593	Vuku	Verdal	---	175	165	Nynorsk
110594	Flekstad	Steinkjer	---	57	77	Bokmål
270598	Vuku	Verdal	829	167	231	Bokmål
090500	Volden	Verdal	48 (312)	11	28	Bokmål
120500	Vålen **	Steinkjer	48 (229)	28	20	Nynorsk
050600	Mære **	Steinkjer	365 (1210)	32	130	Bokmål
050600	Skarpnes **	Steinkjer	126 (751)	7	42	Bokmål
050600	Flekstad **	Steinkjer	86 (468)	22	41	Bokmål
200405	Røysing	Steinkjer	414	130	121	Ugyldig
010605	Røysing	Steinkjer	414	126	181	Bokmål
290910	Vålen	Steinkjer	215	60	78	Bokmål

\*\* Røystingar mellom 1. august 1999 og 31. juli 2000. Tala i parentes i kolonna «Røysteføre» viser talet på røysteføre ved vanlege val. Frå 1.8.1999-31.07.2000 hadde berre foreldra til elevane som gjekk på skulen det aktuelle skuleåret røysterett.





**NOREGS MÅLLAG**  
Pb 474 Sentrum, 0105 Oslo  
Telefon 23 00 29 30  
Telefaks 23 00 29 31  
E-post nm@nm.no  
[www.nm.no](http://www.nm.no)